

# Årsmelding og rekneskap 2017

- ein god medspelar -

**VL** Vekselbanken

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

## Innhald:

Side	4	Årsmelding 2017
Side	18	Nykkeltal
Side	19	Resultatrekneskap 2017
Side	20	Balanse 2017
Side	21	Endring i eigenkapital
Side	22	Kontantstraumoppstilling
Side	23	Notar
Side	67	Meldingar
Side	74	Tillitsvalde

# Årsmelding 2017

## Banken sitt 119. rekneskapsår

### Bankåret

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har gleda av å kunna leggja fram rekneskap for 2017, banken sitt 119. rekneskapsår. Rekneskapen syner at banken er ein solid lokalbank med bra inntening i ei krevjande tid, der konkurransen om både innskots- og utlånskundar er stor. Kjernedrifta er styrka samanlikna med fjoråret grunna sterk utlånsvekst og vekst i andre inntekter. Inntekter frå finansplasseringar er påverka av tapet på 10 mill. kr på Silver Pensjonsforsikring AS (heretter kalla Silver). Bankens sine provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt syner ein positiv auke. Totale kostnader har auka med om lag 4,7 mill. kr. Hovudårsakene til dette er auka finansskatt, at banken har tilsett ein ny medarbeidar, samt auke i IT-kostnader. Kostnadane er likevel under budsjettet for året. Samla sett har banken betra kjernedrifta med 3,3 mill. kr, men grunna eingongstapet på Silver syner banken eit resultat før nedskrivningar for tap på 28,9 mill. kr i 2017 mot 39,1 mill. kr i 2016.

Rentemarginen har vore stabil gjennom 2017, og marknaden er prega av stor konkurranse om lånekundane. Takka vera godt arbeid frå engasjerte medarbeidarar som står på for kundane og banken, har banken hatt ein kraftig vekst i utlåna i 2017. Veksten er større enn elles i bransjen, og banken auka utlåna i løpet av 2017 med 476 mill. kr. Innskotta har hatt ein liten nedgang med 72 mill. kr i 2017.


Sterkere og meir synleg satsing på gode forsikrings- og spareprodukt frå Eika gjev resultat, og banken har i 2017 auka inntektene frå sal av Eika-produkt med nær 50%. Styret har

som mål at banken ved ei endå sterkare satsing på god og menneskeorientert rådgjeving til private og bedrifter skal auka desse inntektene vidare.

Etter bokførte netto tilbakeførte tap og nedskrivningar på utlån med 0,2 mill. kr syner banken eit resultat før skatt for 2017 på 29,2 mill. kr, mot 36,4 mill. kr i 2016, ein reduksjon på 7,2 mill. kr som skuldast eingongseffekten av tapet på Silver (10 mill. kr). I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) utgjer resultat før skatt 0,65% i 2017 mot 0,90% i 2016.

Styret er godt nøgd med banken si samla utvikling. Utviklinga syner at banken er svært konkurransedyktig på vilkår og service i marknadsområdet, og lever opp til visjonen som **-ein god medspelar-**.

Driftsresultat i % av gj.sn. rådveldekapital



Frå norske og internasjonale styresmakter er det stort fokus på å sikra trygge og solide bankar. Praktiseringa av dei skjerpa kapitalkrava er framleis strengare i Noreg enn i andre land i EU, noko banken opplever som ulike konkurransevilkår.

Dei utanlandske bankane med lågare krav til vekta eigenkapital fører an i rentekampen om bustadlån. Konkurransen om dei beste bustadlåna er framleis stor, og rentenivået på bustadlån har dei siste åra vorte kraftig redusert.

Banken sin kapital- og likviditetssituasjon er tilfredsstillande. Etter tilførsel av resultatet i år har banken rein kjernekapital på 388 mill. kr. Med eit berekningsgrunnlag på 2.514 mill. kr, utgjer dette ei rein kjernekapitaldekning på 15,44%. Netto ansvarleg kapital er 445 mill. kr, som med same berekningsgrunnlag utgjer ei samla kapitaldekning på 17,69%. Oppnådde kapitaldekningsprosentar ligg over minstemåla styresmaktene har sett. Ved årsskiftet rapporterer banken ein Liquidity Coverage Ratio (LCR) på 131%, som er over vedtekne minstekrav på 100%, og ein NSFR på 139%.

### Økonomien i landet vårt

Norsk økonomi vende attende til normal vekst i 2017, etter svak utvikling dei føregående to åra, drive av auka bustadinvesteringar og god vekst i privat konsum. BNP for Fastlands-Noreg auka med 1,8% i 2017, med ein vekst i privat konsum på heile 2,3% frå året før. Bustadinvesteringane auka markert, drive av dei seinare år sin sterke prisvekst for brukte bustader.

Arbeidsløysa målt ved Statistisk Sentralbyrå si AKU måling fall frå 4,4% i desember 2016 til om lag 4,0% ved utgangen av 2017. Tilsvarende nedgang på NAV sine ledighetstal var frå 3,6% i desember 2016 til 3,1% i desember 2017. Ein strammare arbeidsmarknad ser ikkje ut til å ha gjeve auka lønnspress dette året. For 2017 vart lønnsveksten 2,3%. Konsumprisveksten steig med 1,8% frå 2016 til 2017.

2017 var året då prisane i bustadmarknaden i Noreg fekk eit markert omslag, med ein nedgang i andre halvår etter fleire år med sterk prisvekst. Bustadprisveksten i hovudstaden fekk det sterkaste omslaget, men omslaget var tydeleg også i våre andre storbyar. Statistisk

Sentralbyrå sin bruktbustadindeks for Noreg i 4. kvartal i 2017 var 4% lågare enn toppen i 1. kvartal samme år.

Noregs Bank held rentene uendra gjennom året, med ei foliorente på 0,5%. I løpet av året held bankane si utlånsrente for flytande bustadlån seg ganske stabil på 2,5%.

Kredittveksten for hushaldningar var på 6,5% frå desember 2016 til samme månad i 2017. Hushaldningane si gjeld er no rekordstor, trass i at bustadprisane har falle tilbake. For å bremse låneveksten innførte Finanstilsynet forsommaren 2017 nye og strengare retningslinjer for forbrukslån. Bustadlånforskrifta frå desember 2016 vart vidareført, og bankane fekk krav om auka motsyklisk kapitalbuffer, opp frå 1,5 til 2,0%, frå 31.12.2017.

Verken bustadprisfall, innstrammingar i bustadlånforskrifta eller nye retningslinjer for forbrukslån har så langt klart å få ned gjeldsveksten merkbar.

Hushaldningane si høge gjeldsbyrde var ei sårbarheit i økonomien i 2017, ei sårbarheit som varar ved inn i 2018. Norske føretak auka gjelda si med 4,9% i året til november 2017.

Kronekursen svekka seg med om lag 3% gjennom 2017, målt ved den handelsvegde indeksen I-44. Dette trass i at oljeprisen lyfta seg frå 59 USD pr. fat for Brent Blend, til 62 USD i løpet av året. Dette er ei endring som normalt skulle gje styrka kronekurs. Utanrikshandelen vart hjulpen av auka oljeprisar, og Noreg enda med eit handelsoverskot på 160 milliardar kroner for 2017, opp 12,7% frå året før.

I dei seinare åra har auka oljepengebruk medverka til økonomisk vekst. I 2017 auka bruken av oljepengar målt ved det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskotet med 12 milliardar kroner, motsvarande 0,4% av BNP for Fastlands-Noreg. Eit solid vekstbidrag som både

gav rom for skattelette, og for auka offentleg sysselsetjing.


Ved utgangen av 2017 var utsiktene for 2018 gode for dei fleste næringer utanom bustadbygging, der tidene er meir usikre enn dei har vore i dei seinare åra. Konsensustimat tilseier at landet får ein vekst på om lag 2% i Fastlands-Noreg sitt BNP for rekneskapsåret 2018.

## Vekselbanken i 2017

### Årsoverskotet

Banken sitt årsresultat for 2017 syner ein nedgang i høve til 2016. Etter skattekostnad på 8,8 mill. kr er resultatet for rekneskapsåret 20,3 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 8,3 mill. kr, noko som skuldast eit eingongstap på aksjeinvestering i Silver med 10 mill. kr.

Utvikling i årsresultat



Etter verdiendring på obligasjonar og anleggsaksjar ført over utvida resultat og tilbakeføring av tidlegare avsett tap på Silver, er det samla ført verdjusteringar av finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal med verdiendring over eigenkapitalen med 7,5 mill. kr. Etter desse justeringane vert totalresultatet 27,8 mill. kr i 2017 mot 26,7 mill. kr i 2016.

Styret rår til at overskotet vert nytta slik:

Utbytte (kr 3,50 pr. aksje)	kr 6.650.000
Overført annan eigenkapital	<u>kr 13.671.000</u>
Sum overføring og disposisjonar	<u>kr 20.321.000</u>

Utbytte på kr 3,50 pr. aksje gjev eit utdelingshøve mot årsresultatet på 32,7%, og ei direkte avkastning på 2,8% rekna mot børskurs kr 123,00 for 31.12.2017. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingshøve på minimum 30% av årsresultatet. Ved normal årleg vekst framover og normale inntekter frå bankdrifta, vil utdelingshøve kunna halda seg på dette nivået utan at det vil leggja press på banken sitt kapitalnivå.

Styret stadfestar at grunnlaget for vidare drift er til stades, og rekneskapen er gjort opp under denne føresetnaden. Etter styret si meining gjev årsrekneskapen og årsmeldinga rett oversikt over gjelda og eignelutane til banken, den finansielle stillinga og resultatet.

### Netto renteinntekter

Ved utgangen av 2017 auka netto rente- og kredittprovisjonsinntekter med 8,2 mill. kr til 83,0 mill. kr, mot 74,8 mill. kr i 2016. Rentenettoen i 2017 er 1,86% av GFK, ein auke frå 1,85% i 2016.

### Netto provisjonsinntekter

Netto provisjonsinntekter er i 2017 auka med om lag 0,8 mill. kr til 7,3 mill. kr. Det er likevel ein nedgang i provisjonar knytt til betalingsformidling med 0,4 mill. kr grunna auka digitalisering. Ved framleis fokus på sal av bustadlån via EBK, forsikringsprodukt, fondssparing og kredittkort vil netto provisjonsinntekter framleis auka i åra som kjem.

### Inntekter frå verdipapir og derivat

Banken sin portefølje av obligasjonar og anleggsaksjar er etter IFRS klassifisert som "tilgjengeleg for sal, med verdiregulering over eigenkapitalen". Dette medfører at realisert vinst og tap på desse plasseringane vert ført i resultatrekneskapen, medan urealiserte verdiendringar vert ført direkte mot banken sin eigenkapital under posten "andre inntekter og kostnader".

På obligasjonar har banken i år bokført realisert tap med samla 0,1 mill. kr, mot 0,8 mill. kr i fjor. Tidlegare bokførte nedskrivningar på obligasjonar som no er realisert med tap, er tilbakeført, og fører til inntektsføring av verdiendring på obligasjonar over eigenkapitalen i år med 1,8 mill. kr.

Banken sin likviditetsportefølje i obligasjonar har ein marknadsvardi ved årsskiftet på 199 mill. kr, ein reduksjon av porteføljen på 47 mill. kr i år. Sjå elles note 21 og 22.

Banken har ikkje lenger handelsportefølje i enkeltaksjar, men har nokre midlar plassert i fond. Porteføljen av aksjefond er auka til 13,3 mill. kr, mot 10,3 mill. kr i 2016. På aksjar, eigenkapitalbevis og aksjefond har banken i år samla inntektsført netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar med 3,9 mill. kr, mot 7,4 mill. kr i fjor. Av inntektsføringa i 2016 skriv 3,5 mill. kr seg frå utbytte ved sal av vår eigarandel i Visa Europe til Visa Inc.

Netto tap på finansielle instrument er -9,1 mill. kr mot 0,1 mill. kr i 2016. Dette skuldast ekstraordinært konstatert tap på Silver med 10 mill. kr i 2017. Investeringa i Silver vart gjort tilbake i 2007 med emisjonar i 2010 og 2012. Dette skulle sikre banken tilgang til distribusjon av pensjonsprodukt. Med innføring av Solvens II krav for Silver endra rammevilkår og grunnlag for vidare drift for selskapet seg dramatisk, og etter fleire forsøk på å sikre vidare drift enda det med at selskapet vart sett under offentleg administrasjon. Porteføljen av anleggsaksjar bokført til verkeleg verdi ved årsskiftet er på 44,1 mill. kr. Sjå elles note 23 til rekneskapen.

### Driftskostnader

Samla driftskostnader syner ein auke i 2017 på 4,7 mill. kr, til 53,8 mill. kr. Kostnadsauken er innanfor budsjettet for 2017. Ved utgangen av 2017 er banken ferdig med avskrivning av overgangskostnadane frå EVRY til Eika, og banken sine driftskostnader vil grunna dette


verta redusert med om lag 4 mill. kr årleg frå og med 2018.

### Utlån

Bedriftskundar vert klassifiserte etter inntening, eigenkapital og verdi av deponert trygd. Privatkundar vert klassifiserte etter inntening og verdi på deponert trygd. Retningslinjer for kredittgjeving krev at ein skal ta omsyn til risiko ved prising av utlån. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko.

Banken hadde ein utlånsvekst på 12,7% som er godt over snittet i hushaldningane, som var på 6,5%. Det har vore eit bevisst fokus å satse på vekst i utlåna. Ved årsskiftet er brutto utlån til kundar på eiga bok 4.212 mill. kr, ein auke på 476 mill. kr i løpet av året. Banken har i tillegg auka netto utlånsportefølje i Eika Boligkreditt AS (EBK) med 106 mill. kr i 2017. Dette gjev oss ein utlånsvekst i 2017 på 582 mill. kr, eller 14,5%. Utlånsporteføljen formidla gjennom EBK er samla sett 383 mill. kr, eller 8,3% av banken sine egne utlån, noko som er lite samanlikna med andre samanliknbare bankar. Dette gjev Vekselbanken eit godt utgangspunkt til vidare vekst.

Utlånsutviklinga



Totalt fordeler brutto utlån seg med 77,4% på privatkundemarknaden og 22,6% på bedriftskundemarknaden. Sjå elles note 6 og 7.

### Nedskrivningar på utlån

Banken tilbakefører netto nedskrivningar for tap i 2017 med 0,2 mill. kr, mot kostnadsføring av 2,7 mill. kr i 2016.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 1,04% i 2016 til 0,78% i 2017. Styret kjenner seg trygg på at nedskrivningane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege ut frå den risiko som ligg i engasjementa.

Nedskrivning for tap vert vurdert når eit engasjement er misleghalde i 30 dagar ved manglande innbetaling, eller når kunden sin økonomiske situasjon tilseier at tap kan verta pårekna. Banken arbeider kontinuerleg med å unngå tap på utlån. Gjennom året har banken medverka til nyinvesteringar og auka aktivitet i bygda ved tildeling av nye lån, noko som kan føra til nye tap på utlån. Samstundes vert alle nye utlån objektivt vurdert i høve til risikoen det kan påføre banken. For vidare spesifisering av tap på utlån og garantiar og banken sine tapsnedskrivningar viser banken til note 8 og 9.


### Garantiar

Banken har ved årsskiftet eit samla garantiansvar overfor kundar på 84,1 mill. kr. Vidare stiller banken garanti overfor Eika Boligkreditt AS på 12,5 mill. kr i samsvar med standardavtale for eigarbankane i Eika Boligkreditt AS. Garantiar fordelt etter garantitype er spesifisert under note 31.

### Innskot

Det låge rentenivået gjer at kundane i større grad vel andre spareformer enn bankinnskot. Reduksjonen i innskot det siste året har vore 72,1 mill. kr, eller -2,4%.

Innskotsutviklinga



Ved utgangen av 2017 har banken ei innskotsdekning (innskot i prosent av brutto utlån) på 69,5%, mot 80,3% på same tid i fjor. Ved ein større del av utlånsveksten finansiert via EBK, vil innskotsdekninga til banken auka framover. Sjå elles note 27.

### Likviditet

Banken sin likviditet er god.

Den kraftige utlånsveksten i 2017 har ført til at banken har måtte låna inn pengar i marknaden. Banken har i løpet av året auka den mellomlange finansieringa gjennom utferding av sertifikat og obligasjonar med netto 350 mill. kr. Banken har oppnådd gunstige innlånsvilkår, og framtidige forfall er godt spreidd dei neste 5,5 åra. Som medeigar i Eika Boligkreditt AS har banken tilgang på konkurransedyktig bustadfinansiering med både flytande og fast rente. Banken har høve til å kanalisere framtidig utlånsvekst gjennom denne kanalen, og har såleis eit godt alternativ til ekstern finansiering.

Styresmaktene har innført eit minstekrav på 100% for indikatoren Liquidity Coverage Ratio (LCR) frå 31.12.17. Banken rapporterer LCR ved årsskiftet på 131%, og ein NSFR på 139%.


### Eigenkapitalen

Resultatet for rekneskapsåret styrkjer bokført eigenkapital med 18,0 mill. kr til 398,7 mill. kr. Etter tilførsel av resultatet i år har banken rein kjernekapital på 388 mill. kr. Med eit berekningsgrunnlag på 2.514 mill. kr, utgjer dette ei rein kjernekapitaldekning på 15,44%. Netto ansvarleg kapital er 445 mill. kr, som med same berekningsgrunnlag utgjer ei samla kapitaldekning på 17,69%. Oppnådde kapitaldekningsprosentar ligg over minstemåla styresmaktene set. Banken sin uvekta kjernekapitalandel "Leverage Ratio" etter overgangsreglane er 8,67%. Dette er over minsterkravet på 5 prosent. Sjå elles note 4.

### Rådveldekapitalen

Etter den gode veksten i utlån i løpet av 2017 er samla rådveldekapital ved utgangen av året 4.564 mill. kr, ein auke på 300 mill. kr eller 7,0%.

Utvikling i rådveldekapital



Sjølv om den økonomiske situasjonen framover er uvis, held aktiviteten i Voss og omland seg stadig oppe på eit høgt nivå. Banken har difor ingen konkrete planar om aktivt å tilby tenester utanfor vårt naturlege marknadsområde. Banken held fram satsinga si på å vera ein menneskeorientert bank, slik at kundar som ynskjer det, lett skal ha tilgang til ein av våre rådgjevarar for råd og rettleiing, samt utføring av alle banktenester.

Gjennom vårt eigarskap i Eika Gruppen AS, satsar banken saman med dei 68 andre lokalbankane i gruppa stort på den digitale utviklinga. Mobilbanken vår er blant dei beste i marknaden med gode løysingar for enkel betaling og lettforståelig informasjon. Det vert lagt ned monalege ressursar i dialog med kundar og ekspertar for å få fram gode kundevenlege løysingar. Dei elektroniske betalingsløysingane våre er enkle og rasjonelle, og største delen av betalingane gjennom banken vår vert no utført av kundane sjølv. I løpet av 2017 vart banken medeigar i Vipps og kan no tilby Vipps til både privatkundar og bedrifter.

### Eika Gruppen – finanskonsernet som styrkjer lokalbanken

Vekselbanken er aksjonær i Eika Gruppen AS og ein av 69 lokalbankar i Eika Alliansen. Eika Gruppen sitt strategiske fundament er å styrkja

lokalbankane. Bankane i Eika Gruppen utgjer ei av dei største finansgrupperingane i Noreg, med ein samla rådveldekapital (inkludert Eika Boligkreditt) på over 400 mrd. kr og om lag 1 million kundar.

Lokalbankane, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt utgjer Eika Alliansen. Lokalbankane i Eika Alliansen har ein sterk og lokal posisjon med sin nærleik til kundane, og har medverka til økonomisk utvikling og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv i norske lokalsamfunn i snart 200 år. Dei lokale bankane i Eika Alliansen har fullt sjølvstende og styrer sjølv sin eigen strategi og si lokale merkevare. Lokalbankane sitt viktigaste konkurransefortrinn er nærleik og personleg engasjement for kundane, samt inngåande kunnskap om lokalsamfunnet. Lokalbankane i Eika Alliansen er dermed unike og viktige økonomiske bidragsytarar til vekst og utvikling for både privatpersonar og norsk samfunns- og næringsliv. Dei er i fyrste rekke gjennom sitt engasjement for lokalsamfunnet og som tilbydar av økonomisk rådgjeving, kreditt- og finansprodukt tilpassa lokalt næringsliv og folk flest. Lokalbankane i Eika Alliansen har blant landet sine mest tilfredse kundar både i person- og bedriftsmarknaden. Med 200 bankkontor i 148 kommunar representerer lokalbankane ein viktig aktør i norsk finansnæring og medverkar til verdiskaping i mange norske lokalsamfunn.

Eika Gruppen utgjer finanskonsernet i Eika Alliansen og har som visjon «Vi styrker lokalbanken». Konsernet si kjerneverksemd er tenesteleveransar til lokalbankane og kundane deira. Eika Gruppen utviklar og leverer tenester som støtter opp under stabil og effektiv bankdrift, saman med løysingar og kompetanse som skal sikra vidare vekst og utvikling i bankane, lokalsamfunna og ikkje minst for kundane. Dette betyr at Eika Gruppen konkret leverer komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT, betalingsformidling og digitale tenester som nett- og mobilbank. Eika Gruppen har eit

profesjonalisert prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i utvikling av nye digitale løysingar for lokalbankane.

Produktselskapa i Eika Gruppen; Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmegling - leverer eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande konsept. Utover desse leveransane gjev Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling gjennom Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika ViS, økonomi og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depotservice. I tillegg til desse fellestenestene arbeider Eika Gruppen for medlemsbankane innan område som kommunikasjon, marknad og merkevare saman med næringspolitikk for å ivareta bankane sine næringspolitiske interesser gjennom dialog med relevante styresmakter. Dei samla leveransane frå Eika Gruppen sikrar lokalbankane si konkurransekraft, slik at dei kan byggja vidare på sin sterke lokale posisjon i eige marknadsområde.

Eika Boligkreditt (EBK) er ein del av Eika Alliansen, og er direkte eigd av 67 lokalbankar og OBOS. Selskapet sitt hovudføremål er å sikra lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har ein rådveldekapital på om lag 100 milliardar, og er med sin tilgang til den norske og internasjonale marknaden for "Obligasjonar med Fortrinnsrett" (OMF) ei viktig finansieringskjelde for alliansebankane si bustadlånportefølje.

### Eigartilhøve

Endringar i lovgjevinga for finansforetak Styresmaktene vedtok ny «Lov om finansforetak og finanskonsern», gjeldande frå 01.01.16. Den nye lova moderniserte styringssystema i finansforetak ved å ta vekk representantskapet og kontrollnemnda. Den nye lova byggjer i store trekk på allmennaksjelova og gjev styret meir makt, men

også større ansvar. Lova gjev også generalforsamlinga ansvar for å velja styret. Finansforetaka hadde 2016 på seg til å gjera naudsynte endringar i vedtekter og styringssystem. Vedtekter for banken tilpassa ny lov vart vedtekne på generalforsamlinga i 2016, og tok til å gjelda frå 01.01.17.

### Vedtektene

Banken sine vedtekter § 2-2, 3. ledd har fylgjande reglar om maksimum eigarandel:

«Ingen kan eiga meir enn 10% av aksjekapitalen i banken».

I tillegg har banken sine vedtekter §3-6 fylgjande reglar om røysterett:

«På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine eigne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansforetakslova § 6-5.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 200 aksjar gjev ei røyst
- 201 - 400 aksjar gjev to røyster
- 401 - 800 aksjar gjev tre røyster
- 801 - 2.000 aksjar gjev fire røyster

Fleire enn 2.000 aksjar gjev fem røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha."

Styret i banken held fast på strategien om at banken skal halda fram som ein sjølvstendig bank med spreidd eigarskap og sterk lokal forankring i tråd med tradisjonen i meir enn 119 år.

### Risikostyring

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for risikostyring og fastsett rammer for

risikokspnering. Vedteken risikoprofil er moderat.

### Finansiell risiko

Styret har vedteke ein låg/moderat risikoprofil for banken sin finansielle risiko. Hovudtype av finansiell risiko ligg i ei renteendring på banken si obligasjonsportefølje. Endringar på verdien av samla renteberande plasseringar må haldast innanfor to prosent av samla portefølje ved ei endring på ein prosent i det generelle rentenivået. Alle verdipapirplasseringar vert rapporterte og gjennomgått på styremøta.

### Kredittrisiko

Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat. Overvakinga skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølgning av kundane, og utvikling av verdien på banken si trygd. Engasjement vert systematisk risikoklassifisert etter ein objektiv PD-modell (sannsyn for misleghald).

### Likviditetsrisiko

Banken sin likviditetsrisiko er låg. Ved årsskiftet utgjer innskota 69,5% av brutto utlån. Banken har ikkje fastrente som standardvilkår korkje på innskot eller utlån, men innførte i 2015 ein ny innskotstype med oppseiingstid på minimum 31 dagar for å stetta kravet til meir langsiktig likviditet. Banken sine verdipapirplasseringar er i det alt vesentlege vurdert som likvide og lett omsettelege.

### Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er for det meste knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjer om lag 2,0 mill. kr.

### Føretaksstyring

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA sitt føremål går klart fram i banken sine **vedtekter**. Banken kan innanfor ramma av den lovgjevinga som gjeld, utføra alle forretningar og tenester

som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører. Banken sitt mål er å fortsetja å vera ein sjølvstendig, frittstående og velsedd forretningsbank med hovudsete på Voss. Når det gjeld vedtektene sine reglar om største eigarpost og stemmerettsreglar, syner banken til note 30.

Dei sentrale organa i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er generalforsamlinga, styret og risiko- og revisjonsutvalet.

Gjennom **Generalforsamlinga** utøver aksjeeigarane den øvste myndigheita i banken. Generalforsamlinga fastset banken sin årsrekneskap, herunder utdeling av utbytte. Generalforsamlinga vel 4 medlemmer til banken sitt styre, saman med 2 varamedlemmer. Generalforsamlinga vel 3 medlemmer og 1 varamedlem til ei valnemnd som skal førebu valet av medlemmer til banken sitt styre. Generalforsamlinga vedtek retningslinjer for valnemnda, fastset godtgjersle til banken sine tillitsvalde og revisor, og vel revisor eller revisjonsfirma. Vidare skal generalforsamlinga handsama andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under denne.

**Styret** er på 5 medlemmer der 4 er vald av generalforsamlinga og 1 er vald av og blant dei tilsette i banken. For styremedlemmer vald av generalforsamlinga skal det veljast 2 varamedlemmer med møterett i styret, og for dei tilsette sin representant vert det av og blant dei tilsette vald 1 varamedlem med møterett. Styremedlemmer vert valde for 2 år, og varamedlemmer for 1 år. Eit styremedlem kan som hovudregel ikkje attveljast etter 12 års samla tenestetid.

Styret skal syta for forsvarleg organisering av føretaket, sjå til at organisering av verksemda og etablering av forsvarlege styrings- og kontrollsystem vert etterlevd, og elles fylgja dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og retningslinjer. Styret har vedteke at banken skal ha ein moderat risikoprofil. Instruks for

styrearbeidet er vedteke, likeeins årleg strategidokument med måltal, overordna policydokument for verksemdstyring, kredittmarknads- og likviditetsrisiko saman med policydokument for operasjonell risiko, som dei mest sentrale styringsdokumenta.

Styret tilset administrerande direktør, og fastset denne si godtgjersle/løn.

Styremedlemene er uavhengige i høve til banken si leiing, og storleiken på deira engasjement er ikkje vesentleg for banken. Styret får ikkje godtgjersle utover godkjend honorar. Honorara er ikkje resultatavhengig. Banken har ikkje noko opsjonsordning.

Styret er banken sitt kombinerte **risiko- og revisjonsutval**. Dette utvalet skal klargjera og utdjupa sitt ansvar for rekneskapsrapportering, revisjon, internkontroll og den samla risikostyringa i banken.

Ny finansføretakslov set krav til at banken skal ha ein eigen **risiko- og compliance**-funksjon, som ikkje skal delta i risikotaking i banken, vera uavhengig av banken sin administrasjon og rapportera direkte til banken sitt styre. Vekselbanken har saman med Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank inngått avtale om å dela ein slik ressurs. Felles Risiko- og Compliance Manager for desse fire bankane vart tilsett hausten 2016.

**Revisor** skal fylgja dei instruksane og pålegga som generalforsamlinga måtte gje, for så vidt dei ikkje strir mot føresegner gjeve i lov eller i samsvar med lov eller mot vedtektene i banken eller god revisjonsskikk. Revisor gjev sine merknader og meldingar gjennom styret til generalforsamlinga. Revisor har årleg gjennomgang med styret og risiko- og revisjonsutvalet om banken sitt interne kontrollarbeid, og deltek i kvartalsvise møter med risiko- og revisjonsutvalet.

**Banksjefen** (administrerande direktør) har den daglege leiinga av bankverksemda i samsvar med lovgjeving, vedtekter og dei retningslinjer og pålegg som styret gjev. Han har fullmakt til å avgjera alle vanlege bankforretningar etter retningslinjer som styret dreg opp. Han skal førebu alle styresaker og pliktar å retta seg etter dei vedtak styret har gjort, og konferera med styret i viktige saker. Instruks for banksjef vert fastsett av styret.

### Eigenkapital

Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. For å kunna auka eigenkapitalen i takt med generell auke i verksemda, vil det vera naudsynt å nytta fleire kjelder. Eigenkapitalen skal styrkjast ved kapitaloppbygg over drifta. Gjennom ein tilfredsstillande utbyttepolitikk skal tilhøva leggjast til rette for å auka eigenkapitalen gjennom nyteikningar. Opptak av ansvarleg lånekapital kan vera ei supplerande kjelde. Transaksjonar med tillitsvalde, tilsette og deira nærstående, vert ført via børs eller til siste kjende børskurs. Styret får melding om desse transaksjonane. Styret har fram til generalforsamling i 2018 fullmakt til å kjøpa inntil 1% av eigne utstedte aksjar i banken.

### Etikk

Banken har utarbeidd detaljerte etiske retningslinjer. Høg etisk standard er vurdert som viktig for banken sitt omdømme.

### Informasjon og kommunikasjon

På banken si internettside vert det publisert finansiell informasjon som finanskalender, kvartals- og årsrekneskap og annan relevant informasjon til aksjonærar, kundar og andre interesserte.

### Kundelokala

Banken har hovudkontor i Vangsgata. Lokalet er moderne og vel tilpassa for å ta hand om kundeekspedering og rådgjeving. Tilkomsten til banken er god med si plassering på torget i sentrum. Korttidsparkeringa bakom bankbygget

har letta tilkomsten for kundane våre, då omlegginga har ført til større sirkulering av tilgjengelege plassar.

Banksmidja som banken kjøpte i 2011, vart kjøpt for å kunne ha utvidingsmoglegheiter. Bygget har vore utleigd fram til no og er vedteke seld i løpet av 2018.

### Pensjonsordninga

Alle tilsette i banken har ei innskotsbasert pensjonsordning med maksimale satsar.

Banken si pensjonsordning vert handsama i samsvar med Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader, og løpande premie vert kostnadsført.

Dei tilsette er med i «Fellesordningen for Avtalefestet Pensjon». Rekneskapsmessig vert denne AFP-ordninga handsama som ei innskotsbasert ordning, med løpande kostnadsføring av betalt premie. Pensjonsordninga i banken stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Sjå note 28.

### Samfunnsansvar

#### Menneskerettar

Vekselbanken støttar og respekterer vern om internasjonalt godkjende menneskerettar, og ser til at verksemda vår ikkje medverkar til brot på desse. Vår styrande dokumentasjon for utøving av samfunnsansvar syner til behovet for å respektere desse grunnleggjande rettane. Dette gjeld dei etiske retningslinjene våre, retningslinjer for etiske investeringar og stadfesting av våre leverandørar sitt samfunnsansvar.

#### Bidrag til samfunnet

Vekselbanken støttar frivillige lag, ideelle organisasjonar, kultur og andre samfunnsnyttige føremål i lokalsamfunnet med monalege beløp. I 2017 utgjør denne støtta knapt 2,0 mill. kr. Felles for støtta er at banken prioriterer aktivitetar som kan gleda mange,

som har verdi over tid, som skapar aktivitet og som inneber ein frivillig innsats.

### Arbeidstakarrettar og sosiale tilhøve

#### Personalet

Ved utgangen av 2017 hadde banken 21 tilsette på heiltid og 2 på deltid. Banken har 22,2 årsverk. Samla lønsutgifter i 2017 utgjorde 15,9 mill. kr, sjå note 17.

#### Kompetanseutvikling

Vekselbanken ser på utdanning som ei investering. Banken har ein kompetanseutviklingsplan som inneber at det vert stilt naudsynte ressursar til disposisjon i form av økonomiske midlar og banken sin kompetanse. Tilsette vert stimulert og motivert til å vidareutvikle seg i sitt arbeid gjennom bl.a. utdanning.

Banken har 12 autoriserte finansielle rådgjevarar. I tillegg er 12 sertifisert for å selja forsikring, og 9 er sertifiserte som kredittrådgjevarar. Banken har som mål at flest mogleg av våre kunderådgjevarar skal kunna handsama kunden sin trong for både finansiering, forsikring og sparing. Dette meiner banken er i kunden si interesse, samtidig som det vil vera motiverande for dei tilsette si faglege utvikling og deira høve til å yta kundane enno betre service. For å satsa vidare på å vera ein menneskeorientert bank med personleg rådgjeving til kundane våre, legg banken til rette for å sertifisera endå fleire rådgjevarar i løpet av 2018.

#### Likestilling og livsfasepolitikk

Vekselbanken legg vekt på å gje kvinner og menn dei same moglegheitene for fagleg og personleg utvikling, løn og karriere-moglegheiter. Ved utgangen av 2017 har banken 14 kvinner og 9 menn tilsett.

Kvart stillingstrinn i Vekselbanken har lik løn uansett kjønn, og banken har ikkje ubegrunna lønnskilnader mellom kvinner og menn.

Vekselbanken legg vidare vekt på å ha gode ordningar for tilsette i ulike livsfasar i eit langt arbeidsliv i banken. Banken stimulerer og legg til rette for tilsette til å halda fram i fullt arbeid utover 62 år, for at banken kan få nytta deira verdifulle erfaring og kompetanse.

I 2017 valde ein av våre dyktige medarbeidarar å gå av med pensjon. Gjennomsnittleg pensjonsalder i 2017 var 65 år, i 2016 62,5 år, og i 2015 var det ingen som gjekk av med alderspensjon. Ingen tilsette gjekk av med uførepensjon i 2017, 2016 eller 2015.

### Godtgjering

Vekselbanken praktiserer ikkje system for variabel godtgjering, og det er heller ikkje etablert ordningar for individuell bonus. Dette er eit bevisst val for å sikra at slike ordningar ikkje skal medverka til overdriven risikotaking, og for å sikra at ein oppnår og opprettheld ei robust kapitaldekning og langsiktig lønsemd. Styret i banken har for 2018 vedteke ei bonusordning for alle tilsette i banken som tek utgangspunkt i banken si felles måloppnåing.

### Dialog og rettar

Alle medarbeidarane unnateke øvste leiinga er omfatta av tariffavtaleverket innan finanssektoren. Vekselbanken erkjenner retten til å organisere seg og retten til å føra kollektive forhandlingar.

### Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

HMS er viktige element i verksemda sin personalpolitikk, og banken arbeider systematisk med å betre arbeidsmiljøet. Banksjef har gjennomført HMS-kurs for leiarar.

Sjukefråværet i 2017 var på 3,69%. Av det samla fråværet utgjer det eigenmelde fråværet 0,46%.

### Klima og miljø

#### Kundar og omdømme

Vekselbanken tilbyr fond i den norske privatmarknaden med kriteria som sikrar det etiske grunnlaget i forvaltninga ved å avstå frå investeringar i selskap som medverkar til brot på menneskerettar, korrupsjon, alvorleg klima- og miljøskade, produksjon av landminer, klasevåpen, atomvåpen og produksjon av tobakk.

Utøving av samfunnsansvar og høg etisk standard ligg til grunn for all utvikling av finansielle tenester i Vekselbanken.

#### Miljøutslepp

Vekselbanken sin direkte klima- og miljøpåverknad er i hovudsak knytt til eigne klimagassutslepp og avfall frå kontorverksemda. Banken sin varebil, som vert nytta til lokal køyring og andre småoppdrag, vart i 2014 bytt ut med ny elektrisk bil.

I våre retningslinjer heiter det at tenestereiser normalt skal føregå med offentleg transportmiddel. Gjennom ny standard PC-plattform er det tilrettelagd for auka bruk av nettmøte, nettprat og deling av dokument. Dette reduserer trongen for fysiske møte og reiseverksemd.

Vekselbanken sin indirekte miljøpåverknad skjer gjennom å tilby miljøvenlege produkt og tenester, og ved å påverka kundar og leverandørar til å ta miljøvenlege val. Banken har også bidrege til finansiering av fleire minikraftverk og biovarmesentralar i vårt marknadsområde.

Vekselbanken tilbyr stadig fleire papirlause tenester som reduserer belastninga på miljøet. Gjennom at alle kundar med nettbank har BankID, mogleggjer dette fleire papirlause prosessar mellom kunden og banken. Me tilbyr elektronisk signering av lånedokument, og ordninga med elektronisk tinglysning som vart teken i bruk i 2013, fungerer godt.

### Klimautfordringar lokalt, kamp for ny veg og bane

Under storflaumen hausten 2014 fekk banken verkeleg sjå kva dei nye klimaendringane samfunnet står overfor kan føra med seg. Lokale og sentrale styresmakter arbeider med nye flaumsonekart, noko som fører til endra vilkår for utbygging i eksisterande lågtliggjande område. Store investeringar må til framover for å løysa utfordringane samfunnet har, og banken vonar dette arbeidet finn ei god løysing. Flaumsikring krev regulering av elveløp i nærområdet, noko som fører til store diskusjonar om kva som er beste løysinga framover. Me vonar politikarane våre finn fram til gode løysingar som alle kan godta.

Klimaendringane samfunnet har opplevd fører til meir ekstremnedbør, og flaumane me har opplevd signaliserer at dette kan verta eit årleg fenomen me må leva med. Ein av konsekvensane har vore at strekningane både mot vest og aust har vore stengd på grunn av ras og rasfare altfor mange gonger. Som banken har peika på før, har Voss i fleire periodar på det næraste vore heilt avstengd frå resten av Noreg. Me vonar Stortinget endeleg vedtek utbygging av ny bane og veg mellom Voss og Bergen.

### Kamp mot korrupsjon

I Vekselbanken har me strenge tryggingstiltak for å avdekka og kjempa mot organisert kriminalitet, og enkeltindivid sine forsøk på økonomisk vinning gjennom kriminelle handlingar.

### Antikvitvasking

Vekselbanken er underlagd styresmaktene sitt antikvitvaskingsregelverk som skal bidra til å kjempa mot kvitvasking og terrorfinansiering. Blant anna er banken pålagd å utgreie alle mistenkelege transaksjonar, såkalla forsterka kundekontroll. Slike mistenkelege transaksjonar vert dagleg gjennomgått. Dersom vår mistanke til at transaksjonen kan vera del av kvitvasking, stamma frå ei kriminell handling eller prøve på

skattesvik ikkje vert avkrefta, vert denne rapportert vidare til Økokrim. Det er utvikla eigen rutine for anti-kvitvasking i banken.

### Visjon og forretningside

Styret saman med alle tilsette i banken har gjennom 2017 arbeidd med konkretisering og styrking av banken sine viktigaste kundeløfte.

Me held fast på vår visjon om å vera

**-ein god medspelar-**

Våre kjerneverdier er å vera profesjonell på ein aktiv, servicevenleg og tillitsfull måte.

Forretningsideen vår er å levera konkurransedyktige finansielle tenester til kundar i vårt marknadsområde, og vår strategi er å vera framtidsretta og offensiv, med sunn vekst forankra i sjølvstende.

### Ein god medspelar

I 2017, som tidlegare år, har banken støtta opp om det yrande lags- og organisasjonslivet i bygda vår. Mange idretts- og kulturanlegg er bygd, drifta og vedlikehalde med hjelp frå oss. Voss er ei god arrangørbygd, og anlegga vil koma heile bygda og tilreisande til gode i mange år framover.

Vekselbanken er og skal vera ein god medspelar for lags- og kulturlivet i bygda vår. Vår støtte og vårt engasjement strekkjer seg ikkje berre til dei store og prestisjetunge arrangementa. I løpet av året støttar banken dagleg store og små hendingar. Som eksempel på aktivitetar banken gav si støtte til i 2017 kan nemnast: Bergsliminnet, arbeidet med ny basisutstilling på Voss Folkemuseum, VossaSvinten, Vossabadet, NM/Norges Cup junior langrenn og Vossa Jazz sin «SuperJazz», eit tilbod til menneske med nedsette funksjonsevner. Vidare har banken vore med å støtta Vossakyrkjemessa og sommarkonsertane i Vangskyrkja, Songkoret D'kor og Voss utferdslag. I samband med julegateopninga



sponsa banken gratis kinoframsying for born. Banken har støtta Voss Bonde- og småbrukarlag, 17-mai nemndene på Bulken og på Voss og Vossestrand Røde Kors. Banken støttar årleg Osafestivalen, Fossegrimen og fleire idrettslag.

Styret i banken har tildelt Voss Bygdeboknemnd ein stønad på kr 100.000 årleg i 5 år. Dei starta i 2015 arbeidet med ei oppdatert gards- og ættesoge for den delen av bygda som tilhørde gamle Voss Kommune. Vekselbanken har sidan etableringa vore medlem og aksjonær i Destinasjon Voss AS, og banken er medlem i Voss Sentrum. Banken er stolt medlem i Vossa Jazz-lauget, den største sponsoren til Vossa Jazz. Banken har i tillegg gjennom året gjeve lysingsstønad til mange små og store hendingar i bygda.

Som ei vidareføring av stønaden vår til utbygging av Voss ski- og tursenter AS sitt anlegg i Herresåsen, har banken inngått ein langsiktig sponsoravtale med stønad til vidare drift av anlegget. Anlegget i Herresåsen framstår som sær attraktivt både som trenings- og konkurransearena. Banken vonar anlegget vert godt utnytta framover, noko som vil trekkja endå meir folk til bygda vår.

Utøvarar innan idrett og kultur er gode ambassadørar for Vossabygda og set Voss på kartet både nasjonalt og internasjonalt. Banken gratulerer alle med gode prestasjonar og er stolte av at bygda fostrar så mange dyktige utøvarar. Me vonar støtta vår er med på å styrkja rekrutteringa.

Banken vil og i denne samanheng hylla alle dei frivillige som stiller opp for både egne og andre lag i bygda, og gjer at Voss er kjend som ei sær god arrangørbygd. Utan denne frivillige innsatsen innan både idrett og kultur, hadde dei mange gode utøvarane ikkje klart å hevda seg så godt.

Festivalar, idrettsarrangement og andre aktivitetar som bygda vår har vorte så kjend for, trekkjer store mengder tilreisande til Voss. Dette nyt heile bygda godt av, og det har mykje å seia for det lokale næringslivet. Alle dei tilreisande fører til at det er eit svært godt utval på butikkane både i sentrum og ute i bygdene. Banken vonar at dei lokale styresmaktene held fram med å støtta denne utviklinga, slik at Voss framleis vil vera ein god plass å bu både for lokalbefolkninga, men også for dei mange tilreisande som tykkjer Voss er ein kjempeflott plass å vera.

### Utsiktene for 2018

Aktiviteten i Voss og omland held seg stadig på eit høgt nivå. Reiselivet syner svært gode tal for 2017, og Voss har ein god posisjon som regionscenter for Indre Hordaland. Me kan vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom i bygda. Store fylkeskommunale og kommunale investeringar i nye skulebygg har gjeve godt med arbeid og høg aktivitet i bygda vår.

Omstillinga som styresmaktene seier samfunnet må gjennom frå oljerelatert til nye vekstkräftige næringar, nemner spesielt satsing på reiseliv som viktig framover. Her ligg mykje til rette for at Voss med vår unike plassering blant fjord og fjell, skal kunna ta del i denne utviklinga. Me ser at ny skystasjon tek form, og at finansiering av ny gondolbane er på plass.

Banken har gått inn i prosjektet som er på gang med modernisering av Handelslagskvartalet i Voss sentrum. Næringsseksjonane er tekne i bruk, og innflytting i husværa skjer i løpet av april 2018. Dette vil styrkja og revitalisera sentrum til ein triveleg plass å vera.

For å sikra trygg og sikker veg og bane mellom Bergen og Voss, og for å stimulera til omstilling og framtidsretta investeringar, vonar banken at styresmaktene prioriterer den store satsinga på veg og bane dei har signalisert. Med ei trygg og raskare reisestrekning til Bergen og med store

område ferdig planlagt for bustad- og næringsareal, vil Voss vera ein attraktiv plass for å kunna avlasta Bergensområdet med bustadbygging og næringsutvikling i rein og fri natur. Nytilflytting vil gje stor auke i aktiviteten i nærområdet vårt. Vekselbanken er klar til å ta imot denne nye veksten både for eksisterande og nye kundar som treng finansiering og gode råd framover.

Styret meiner at banken med sine gode tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat.

Den utvida satsinga vår på sal av forsikrings- og spareprodukt er i god utvikling, og vil styrkja banken sine inntekter framover.

Banken kjenner ikkje til faktorar etter rekneskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av banken si stilling.

### Avslutning

Styret nyttar høvet til å takka alle kundar og aksjonærar for godt og hyggeleg samarbeid i 2017. Styret takkar også alle tillitsvalde for deira innsats for banken, og ikkje minst dei tilsette i banken for god innsats og godt samarbeid i 2017.

Voss, 27. februar 2018


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Ingrid Kløve-Graue

  
Hildegunn Reime  
Nestleiar

  
Johanna R. Sølberg  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe

Banksjef

## NYKKELTAL

	2017	2016
Utvikling siste 12 måneder		
- Rådveldkapital	7,04 %	13,67 %
- Utlån brutto eige bok	12,73 %	17,66 %
- Utlån brutto inkl. EBK	14,47 %	17,53 %
- Innskot	-2,40 %	3,08 %
Kapitaldekning	17,69 %	20,27 %
Kjernekapital	16,12 %	18,19 %
Rein kjernekapital	15,44 %	17,21 %
Resultat før skatt i % av gj. snittleg rådveldkapital	0,65 %	0,90 %
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	7,48 %	9,83 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	5,21 %	7,74 %
Kostnader i % av totale inntekter	0,65 %	0,56 %
Kostnader i % av totale inntekter ekskl. kursgev./-tap	0,59 %	0,56 %
Gjennomsnittleg rådveldkapital (mill. kr.)	4.472	4.026
Mislegaldne engasjement i % av brutto utlån	0,35 %	0,39 %
Tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,44 %	0,66 %
Tal årsverk	22,2	21,2
<b>Aksje</b>		
Børskurs	123,00	117,50
Børsverdi (mill. kr)	233,70	223,25
Bokført egenkapital pr. aksje	209,84	200,39
Resultat pr. aksje	10,70	15,07
Utbytte pr. aksje	3,50	4,75
Pris/Resultat pr. aksje	11,50	7,80
Pris/Bokført egenkapital	0,59	0,59

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i NOK 1 000

	Note	2017	2016
Renteinntekter og liknande inntekter	15	126.731	114.320
Rentekostnader og liknande kostnader	15	43.754	39.556
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>82.977</b>	74.764
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		1.122	6.566
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	16	11.189	10.251
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-3.853	-3.717
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	16	-9.053	151
Andre driftsinntekter		326	135
<b>Sum andre inntekter</b>		<b>-268</b>	13.386
<b>Sum netto inntekter</b>		<b>82.709</b>	88.150
Personalkostnader	17	23.537	20.257
Administrasjonskostnader	17	18.132	17.229
Ordinære avskrivningar	25	7.047	6.987
Andre driftskostnader	18	5.071	4.587
<b>Sum kostnader</b>		<b>53.787</b>	49.060
<b>Resultat før tap</b>		<b>28.922</b>	39.090
Tap på utlån, garantiar m.v.	9	231	-2.704
Vinst / tap /nedskrivning på verdipapir som er anleggsmidlar		0	0
<b>Netto tap og nedskrivning</b>		<b>231</b>	-2.704
<b>Resultat før skatt</b>		<b>29.153</b>	36.386
Skatt på ordinært resultat	19	8.832	7.745
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>		<b>20.321</b>	28.641
<b>Andre inntekter og kostnader</b>			
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	22	7.548	-1.470
Endring utsett skatt finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	19	-54	-429
<b>Andre inntekter og kostnader</b>		<b>7.494</b>	-1.899
<b>Totalresultat</b>		<b>27.815</b>	26.742

# BALANSE

Alle tal i NOK 1 000

## EIGNELUTAR

	Note	2017	2016
Kontantar og fordringar på sentralbankar		74.052	77.117
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		14.625	147.842
Utlån til og fordringar på kundar	6, 7	4.211.796	3.736.244
- Nedskrivningar på individuelle utlån	8, 9	-12.890	-29.716
- Nedskrivningar på grupper av utlån	8, 9	-20.476	-19.476
Netto utlån og fordringar på kundar		4.178.430	3.687.052
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	22	198.685	246.372
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	23	57.372	57.430
Immaterielle eignelutar	25	0	3.999
Finansielle derivat	24	2.505	4.061
Andre eignelutar		1.178	363
Varige driftsmidlar	25	29.687	31.332
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	26	7.864	8.749
<b>SUM EIGNELUTAR</b>		<b>4.564.398</b>	<b>4.264.317</b>

## GJELD OG EIGENKAPITAL

### GJELD

Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	27	2.928.099	3.000.196
Gjeld ved utskrivning av verdipapir	27	1.124.438	774.634
Finansielle derivat			0
Anna gjeld		25.521	19.158
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter		6.347	8.134
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	28	3.510	4.061
Ansvarleg lånekapital	29	77.799	77.403
<b>Sum gjeld</b>		<b>4.165.714</b>	<b>3.883.586</b>

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1 900 000 aksjar à kr 5,-)	30	9.500	9.500
- Eigne aksjar		-53	-18
Sum innskoten eigenkapital		9.447	9.482

#### Opptent eigenkapital

Annar eigenkapital	30	389.237	371.249
Sum opptent eigenkapital		389.237	371.249

### Sum eigenkapital

<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>398.684</b>	<b>380.731</b>
-------------------------	--	----------------	----------------

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

Garantiar	31	96.528	107.203
Pantsetjingar		87.465	106.267

Voss, 27. februar 2018  
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

*Stein Kvarekval*  
Styreleiar

*Olav Seim*  
Olav Seim

*Ingrid Kløve-Graue*  
Ingrid Kløve-Graue

*Hildegunn Reime*  
Hildegunn Reime  
Nestleiar

*Johanna R. Sølberg*  
Johanna R. Sølberg  
Tilsette sin repd.

*Stig Gunnar Røthe*  
Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

# Endring i eigenkapitalen

Alle tal i NOK 1 000	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital		Sum eigenkapital
	Aksjekapital	Eigne aksjar	Fond for urealisert vinst	Annar opptent eigenkapital	
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	9.500	-18	13.896	357.353	380.731
Resultat etter skatt			-1.462	21.783	20.321
Verdiendring tilgjengelig for salg			7.494		7.494
<b>Totalresultat 31.12.2017</b>	-	-	6.032	21.783	27.815
Korrigeringsfond for urealiserte gevinster			313	-313	-
Endring egne aksjar		-34		-803	-837
Utbetalt utbytte				-9.025	-9.025
<b>Eigenkapital 31.12.2017</b>	9.500	-52	20.241	368.995	398.684
<b>Eigenkapital 31.12.2015</b>	9.500	-43	15.795	334.802	360.054
Resultat etter skatt				28.641	28.641
Verdiendring tilgjengelig for salg			-1.899		-1.899
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	-	-	-1.899	28.641	26.742
Endring egne aksjar		25		560	585
Utbetalt utbytte				-6.650	-6.650
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	9.500	-18	13.896	357.353	380.731

Alle tal i NOK 1 000

Annar eigenkapital pr 01.01.2017	357.353
Utbytte for 2016 utbetalt i 2017	-9.025
Verdiendring egne aksjar	-803
Netto disponering av årets resultat	14.820
Foreslått utbytte for 2017	6.650
Annar eigenkapital pr. 31.12.17	368.995

## Kjøp / sal av egne aksjar

Styret i banken fekk i generalforsamlinga 27.04.17 fylgjande fullmakt: "Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til å kjøpa egne aksjar i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA med pålydande inntil kr 95.000,- fordelt på 19.000 aksjar, tilsvarande 1% av aksjekapitalen. Det lægste og høgste beløp som kan betalast for aksjane skal vera høvesvis kr 90,- og kr 175,-. Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA står fritt innanfor denne fullmakta til å kjøpa og selja aksjar på den måten styret finn best. Fullmakta er gyldig fram til neste ordinære generalforsamling." Bakgrunnen for styret sitt ynske er at dei ved ei slik fullmakt gjev administrasjonen høve til å kunna hjelpa kundar til å få omsett småpostar av aksjar. Ein ynskjer óg å stimulera tilsette til å kjøpa aksjar i banken. Fullmakta gjeld eitt år, fram til neste generalforsamling."

	Antal	Snittkurs	Verdi
Eigne aksjar pr. 01.01.17	3 666	120,84	443
Kjøpte aksjar i år	9 776	121,22	1 185
Selde aksjar i år	2 890	120,42	348
Eigne aksjar pr. 31.12.17	10 552	121,30	1 280

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Alle tal i NOK 1 000	2017	2016
<b>Kontantstaum frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Netto utbetaling av lån til kundar	(491.146)	(563.112)
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	122.066	109.238
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	(72.097)	89.676
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	(21.634)	(23.837)
Netto inn-/utbetaling av lån frå kredittinstitusjonar/innskot i kredittinstitusjonar	0	(0)
Renteutbetalingar på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kredittinstitusjonar	828	1.454
Endring sertifikat og obligasjonar	47.687	61.593
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	3.627	3.955
Netto provisjonsinnbetalingar	7.336	6.534
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	(1.125)	1.232
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir	(1.000)	(1.275)
Utbetalingar til drift	(42.853)	(40.910)
Betalt skatt	(6.277)	(6.227)
<b>A Netto kontantstaum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-454.589</b>	<b>-361.679</b>
<b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		
Utbetaling ved investering i varige driftsmidlar	(1.596)	(772)
Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	385	-
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir	(2.085)	(5.592)
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir	2.548	41.928
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	1.122	4.572
<b>B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet</b>	<b>374</b>	<b>40.136</b>
<b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		
Netto inn-/utbetaling ved utsteding/forfall gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	349.804	397.424
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	(19.470)	(12.256)
Renteutbetaling på ansvarlege lån	(2.540)	(3.056)
Kjøp og sal av egne aksjar	(837)	585
Utbytte til aksjonærane	(9.025)	(6.650)
<b>C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet</b>	<b>317.932</b>	<b>376.047</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>-136.282</b>	<b>54.504</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	224.959	170.454
<b>Likviditetsbeholdning 31.12</b>	<b>88.677</b>	<b>224.958</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	74.052	77.117
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	14.625	147.842
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>88.677</b>	<b>224.959</b>

## NOTAR

Note 1	Generell informasjon
Note 2	Rekneskapsprinsipp inkl. overgang til IFRS9
Note 3	Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar
Note 4	Kapitalstyring og kapitaldekning
Note 5	Risikostyring

### Kredittrisiko

Note 6	Kredittrisiko
Note 7	Fordeling av utlån og garantiar
Note 8	Misleghaldne og tapsmerka engasjement
Note 9	Nedskringar og tap

### Likviditetsrisiko

Note 10	Likviditetsrisiko
---------	-------------------

### Marknadsrisiko

Note 11	Valutarisiko
Note 12	Kursrisiko
Note 13	Renterisiko i utlånsporteføljen
Note 14	Renterisiko

### Resultatrekneskap

Note 15	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter
Note 16	Andre inntekter
Note 17	Løn og generelle administrasjonskostnader
Note 18	Andre driftskostnader
Note 19	Skatt

### Balanse

Note 20	Kategoriar av finansielle instrument
Note 21	Verkeleg verdi på finansielle instrument
Note 22	Sertifikat og obligasjonar
Note 23	Aksjar, egenkapitalbevis og fond
Note 24	Finansielle derivat
Note 25	Varige driftsmidlar
Note 26	Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter
Note 27	Innskot og gjeld til kundar og kredittinstitusjonar
Note 28	Påløpne kostnader og forpliktingar
Note 29	Ansvarleg lånekapital
Note 30	Eigenkapital
Note 31	Garantiar
Note 32	Resultat og utbytte pr. aksje
Note 33	Hendingar etter balansedagen
Note 34	Transaksjonar med nærstående partar

## Note 1 Generell informasjon

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (Vekselbanken) er eit norsk allmennaksjeselskap notert på Oslo Børs. Vekselbanken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden i Noreg, med fokus på banken sin nærmarknad på Voss og ikringliggjande kommunar. Bankens hovudkontor har besøksadresse Vangsgata 24 på Voss.

## Note 2 Rekneskapsprinsipp

### Grunnlag for utarbeiding av rekneskapan

Banken legg fram rekneskap i samsvar med IFRS (International Reporting Standards) som er godkjent av EU, og er obligatorisk for årsrekneskap som vert lagt fram etter 01.01.2011. Tilleggskrav til notar som følgjer av lov og forskrift for norske bankar er det teke omsyn til. Rekneskapan er basert på historisk kost prinsippet med unnatak av: bankbygget, finansielle eignelutar tilgjengelege for sal og finansielle eignelutar og skyldnader (medrekna derivat) vurdert til verkeleg verdi over resultatet.

### Segmentinformasjon

IFRS 8 definerer segment som "virksomhetsområder hvor det foreligger egen finansiell rapportering, og hvor driftsresultatet gjennomgås av foretakets øverste beslutningstaker". Bankens verksemd vert driven frå banken sine lokale i Voss sentrum. Fordeling av utlån vert rapportert i kategoriane personmarknad og bedriftsmarknad. Det ligg ikkje føre separat finansiell rapportering ut over denne fordelinga av utlån. Banken består dermed av eit segment, og det vert difor ikkje gitt informasjon på fleire segmentnivå.

### Inntektsføring

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette inneber løpande inntektsføring av renter. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for balansepostar som vert vurdert til amortisert kost. For renteberande balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over resultatet vert den nominelle renta løpande inntektsført, mens verdiendingar vert rekneskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på nedskrivne engasjement vert rekna som effektiv rente av nedskrive verdi.

Renteinntekter på finansielle instrument klassifisert som utlån er inkludert i linja for netto renteinntekter.

Gebyr og provisjonar vert resultatført etter kvart som tenesta vert ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar overstig ikkje kostnadane og vert løpande inntektsført. I andre driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester.

Resultatføringa skjer når tenestene vert levert.

Utbytte frå investeringar vert resultatført når utbyttet vert motteke.

### Finansielle instrument

Finansielle instrument vert klassifisert i ein av fylgjande kategoriar:

- til verkeleg verdi over resultatet
- tilgjengeleg for sal
- utlån og fordringar
- finansielle skyldnader til amortisert kost

### Innrekning og frårekning

Finansielle eignelutar og skyldnader vert innrekna når banken blir part i instrumentet sine kontraktmessige vilkår. Fyrstegongs innrekning er til verkeleg verdi, i tillegg til, for instrument som ikkje er derivat eller vert målt til verkeleg verdi over resultatet, transaksjonskostnader som er direkte knytt til anskaffinga eller utskrivninga av den finansielle eigneluten eller den finansielle skyldnaden. Etter fyrstegongs innrekning vert instrumenta målt som vist nedanfor.

Finansielle eignelutar vert frårekna når dei kontraktmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eignelutane går ut, eller når føretaket overfører den finansielle eigneluten i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og innteningsevne knytt til eigarskap av eigneluten vert overført. Ved tilbakekjøp av egne obligasjonar vert dei tilbakekjøpte obligasjonane frårekna med resultatføring av skilnaden mellom vederlaget og bokført beløp av tilbakekjøpt obligasjon.

### Finansielle eignelutar og skyldnader til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle eignelutar og skyldnader vert klassifisert som til verkeleg verdi over resultatet dersom dei vert haldne for omsetjing eller vert øymerka til dette ved fyrstegongs innrekning. Alle finansielle eignelutar og skyldnader kan øymerkast til verkeleg verdi over resultatet dersom:

- klassifiseringa reduserer ein mismatch i måling eller innrekning som elles ville ha oppstått som følgje av ulike reglar for måling av eignelutar og skyldnader
- dei finansielle eignelutane inngår i ein portefølje som løpande vert målt og rapportert til verkeleg verdi
- dei har vesentlege innebygde derivat som kan måtte separerast dersom instrumentet ikkje vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet

Banken har ein investeringsportefølje som er øymerka til verkeleg verdi ved fyrstegongs innrekning, og som løpande vert styrt og målt til verkeleg verdi. Dette er i tråd med styret sin godkjende risiko- og investeringsstrategi og informasjon basert på verkeleg verdi vert regelmessig rapportert til banken si leiing og styret.

Transaksjonsutgifter vert innrekna i resultatet når dei kjem til. Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet vert målt til verkeleg verdi på rapporteringstidspunktet. Endringar i verkeleg verdi vert innrekna i resultatet.

I kategorien til virkelig verdi over resultatet inngår klassane aksjar og andelar, og derivat.

### Derivat

Derivat vert balanseført til verkeleg verdi når derivatkontrakta vert gjort, og vert seinare ført til løpande verkeleg verdi. Derivat i balansen er berre rentebytteavtalar (renteswapper). Realisert vinst/tap og endringar i estimerte verdier på derivat vert teke med i rekneskapen under "netto vinst/tap på finansielle instrument" i den perioden dei oppstår.

### Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal

Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal er ikkje-derivative finansielle eignelutar som er kjøpt inn for eit anna føremål enn trading, og som ved fyrstegongs innrekning vert plassert i denne kategorien, eller ikkje vert plassert i nokon anna kategori. Etter fyrstegongs innrekning vert den finansielle eigneluten i denne kategorien målt til verkeleg verdi, og vinst eller tap vert rekna med i "andre inntekter og kostnader", med unnatak av tap ved verdifall. Når det ligg føre objektive bevis på at ein finansiell eignelut klassifisert som tilgjengeleg for sal har falle i verdi, vert verdifallet omklassifisert frå "andre inntekter og kostnader" over til resultat.

I denne kategorien inngår enkelte langsiktige og strategiske investeringar i aksjar og investeringar i renteberande obligasjonar.

### Sikringsbokføring

Vekselbanken nyttar ikkje sikringsbokføring. I staden er alle sikringsforretningar og sikra postar klassifisert som finansielle instrument til verkeleg verdi over resultat.

### Presentasjon av resultatpostar knytt til finansielle eignelutar og skyldnader til verkeleg verdi

Realisert vinst/tap samt endringar i estimerte verdier på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, vert teke med i rekneskapen under "netto vinst/tap på finansielle instrument" i den perioden dei oppstår. Verdiendringar på finansielle instrument klassifisert som tilgjengeleg for sal vert ført mot "andre inntekter og kostnader". Når finansielle instrument klassifisert som tilgjengeleg for sal vert seld eller vert nedskrive, vert samla verdiregulering som er ført mot "andre inntekter og kostnader" overført til resultatet som vinst/tap frå investeringar i finansielle instrument. Utbytte på aksjar klassifisert som tilgjengeleg for sal vert ført over resultatet når banken sin rett til utbytte er slått fast.

### Utlån og fordringar

Utlån og fordringar er finansielle eignelutar med betalingar som er faste eller let seg fastsetja og som ikkje er notert i ein aktiv marknad. Utlån og fordringar vert rekneskapsført til verkeleg verdi på tidspunktet for utbetaling.

I periodar etter fyrste måling vert utlån vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Amortisert kost er anskaffingskost med frådrag for betalte avdrag på hovudstolen samt eventuelle nedskrivningar for verdifall. Gebyr ved etablering av lån overstig ikkje kostnadane, og vert løpande inntektsført. Utlån til amortisert kost vil difor vera

tilnærma lik pålydande på lånet. Om det ligg føre objektive bevis for verdifall for enkelte utlån eller grupper av utlån, vert låna nedskrivne. Nedskrivingsbeløpet vert rekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar neddiskontert med lånet si effektive rente. Den effektive renta som vert nytta for neddiskontering, vert ikkje justert i tråd med endring i lånet sin kredittrisiko og vilkår. Nedskrivning er klassifisert som tap på utlån. Renteinntekter vert resultatført etter effektiv rentemetode.

Bustadlån overført til og formidla via Eika Boligkreditt AS (EBK) er ikkje ført i balansen. Vesentleg risiko med slike lån er vurdert å vera overført til EBK.

Objektive bevis for verdifall for individuelle utlån inkluderer blant anna:

- vesentlege finansielle problem hjå debitor
- betalingsmisleghald eller andre vesentlege brot på kontrakt
- innvilga utsetjing med betaling eller ny kreditt til betaling av termin, avtalte endringar i rentesats eller i andre avtalevilkår som tek utgangspunkt i finansielle problem hjå debitor
- det vert sett på som sannsynleg at debitor vil starta opp gjeldsforhandling, anna finansiell restrukturering eller at debitor sitt bu vert teke under konkurshandsaming

Utlån som ikkje har vore gjenstand for individuelle vurderingar for verdifall, vert vurdert samla i grupper. Utlån som er individuelt vurdert utan at nedskrivning har vorte føreteke, vert óg vurdert i grupper. Gruppene er definert som utlån der risiko og verdi er likt basert ut frå inndeling av kundane etter hovudnæringar og risikoklasse.

På grupper av utlån skriv ein ned for verdifall dersom det ligg føre objektive bevis som:

- det skjer dramatiske endringar i marknaden for ein risikoklasse der banken har grupper av utlån
- det skjer vesentlege endringar i rammevilkåra som utan tvil får praktiske konsekvensar for ei gruppe av lånekundar
- ei gruppe av låntakarar utan tvil ikkje er i stand til å følgje opp naudsynte fornyingar og investeringar
- ei gruppe av låntakarar vert utsett for hendingar som gjev varig og vesentleg reduksjon av beteningsevna (eks. hjørnesteinsbedrift med mange middelaldrande arbeidstakarar går konkurs)
- negative endringar i betalingshistorikk for låntakarane i gruppa
- nasjonale eller lokale økonomiske forhold som står i samband med misleghald av utlåna i gruppa

### Finansielle skyldnader til amortisert kost

Finansielle skyldnader vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Der tida fram til forfall for den finansielle skyldnaden er relativt kort vert den nominelle renta nytta ved rekning av amortisert kost.

I kategorien finansielle skyldnader til amortisert kost inngår klassane innskott frå kundar og renteberande skyldnader som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

### Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknader vert fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med omsyn til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument, utan frådrag for transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv der det er mogeleg å skaffa fram eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige transaksjonar i marknaden.

For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsetjingsmetode. Slike verdsetjingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekte transaksjonar i marknaden på "ein armlengds avstand" mellom velinformerte og friviljuge partar, om slike er tilgjengelege, ved å visa til løpande verkeleg verdi av et anna instrument som er praktisk talt det same, berekning av diskontert kontantstraum eller andre verdsetjingsmodellar.

Ein analyse av verkelig verdi av finansielle instrument og ytterlegare detaljar om måling av desse vert vist i eigen note i samband med årsrekneskapen.

### Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert målt til amortisert kost, og inntektene vert rekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte vert betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta.

### Måling av finansielle garantiar

Diskonterte finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved fyrste gongs rekneskapsføring vert rekna som motteke vederlag for garantien. Ved etterfylgjande måling vert finansielle garantiar verdsett til det høgste beløp av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og beste estimat for vederlag ved eventuell innfriing av garantien.

### Overtaking av eignelutar

Eignelutar som kjem i banken si eiga i samband med oppfylging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett til verkeleg verdi når eigneluten vert teke over. Slike eignelutar vert klassifisert i balansen etter sin art. Etterfylgjande verdivurdering og klassifisering av resultat effekt følger prinsippa for den aktuelle balanseposten.

### Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta vert rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytta kurs på balansedagen. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til norske kroner ved å nytta valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til

valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar vert løpande resultatført i rekneskapsperioden.

### Varige driftsmiddel

I samsvar med IFRS er det gjort ei vurdering av om eigedommane i banken er driftsmiddel til eige bruk eller investeringseigedommar. Alle eigedommane er vurdert å være driftsmiddel til eige bruk og vert rekneskapsført i samsvar med IAS 16. Verdien på eigedommane vert sett til historisk kost med avskrivning over forventa levetid. Det er krav om at ulike element med ulik levetid vert skilt ut og avskrive separat. Dekomponering av historiske kostprisar er i praksis ikkje mogeleg for bygningar eigd over lang tid. Me nyttar difor høvet i regelverket som gjev lov til at verkeleg verdi vert sett som ny kostpris ved implementering av IAS 16. Meirverdien ut frå denne verdsetjinga er handsama som implementeringseffekt mot eigenkapitalen pr. 01.01.2010. Ved ein eventuell vesentleg verdireduksjon i marknadsverdiar vert det sett krav til at driftsmidla skal skrivast ned, der nedskrivninga skal resultatførast. Varige driftsmiddel er i rekneskapen ført til anskaffingskost eller "ny kostpris" etter frådrag for ordinære akkumulerte avskrivningar. Ordinære avskrivningar er basert på kostpris, og avskrivningane er fordelt lineært over driftsmidla si økonomiske levetid.

### Immaterielle eignelutar

Utvikling av programvare vert balanseført og klassifisert som immaterielle eignelutar dersom verdien vert vurdert som vesentleg, og det er forventa at den har varig verdi. Ved utvikling av programvare vert bruk av eigne ressursar, forprosjektering, implementering og opplæring utgiftsført. Balanseført eigenutvikla programvare vert avskrive over anslått levetid. Det vert løpande vurdert om det er behov for nedskrivning som fylgje av at verdien av forventa økonomisk fordel er lågare enn balanseført verdi.

### Skatt

Skattekostnad er sett saman av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eignelutar og gjeld med unntak av mellombels skilnad knytt til aksjar som fell inn under fritaksmetoden.

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsynleg at banken vil ha tilstrekkelege skattemessige overskot i seinare periodar til å gjera seg nytte av skattefordelen. Banken fører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har vorte sannsynleg at banken kan nytta seg av den utsette skattefordelen. Likeeins vil banken redusera utsett skattefordel i den grad ein ikkje lenger ser det som sannsynleg at ein kan nyttiggjera seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt basert på forventa framtidig skattesats.

Utsett skatt og utsett skattefordel vert ført til nominell verdi og er klassifisert som finansielt anleggsmiddel (langsiktig skyldnad) i balansen.

Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar.

## Pensjonsskyldnader

Pensjonsskyldnad gjeld rekneskapsført avsetjing til førtidspensjonsordning for tidlegare banksjef.

## Skyldnader/avsetjingar

Avsetjing til restrukturering vert føreteke i samsvar med IAS 37. Krav til avsetjing er at det eksisterer ein skyldnad som kjem frå tidlegare hendingar, og at det er mest sannsynleg at skyldnaden vil koma til oppgjør. Avsetjingar vert rekna som noverdien av forventa utbetalingar for å innfri skyldnaden. Foreslått utbytte er ikkje formelt beslutta på balansedagen, og tilfredsstillar ikkje kriteria for ein skyldnad i samsvar til IAS 37.

## Utbytte

Foreslått utbytte vert bokført som ein del av eigenkapitalen fram til endeleg vedtak i banken si generalforsamling.

## Betinga skyldnader og eignelutar

Betinga skyldnader er ikkje ført i årsrekneskapen. Det er opplyst om vesentlege betinga skyldnader med unnatak av betinga skyldnader der desse er rekna som låge.

Ein betinga eignelut vert ikkje ført i årsrekneskapen, men vert opplyst om dersom det er sannsynleg at fordelene vil tilflyta banken.

## Hendingar etter balansedagen

Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen er teke omsyn til i årsrekneskapen. Det vert opplyst om vesentlege hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida.

## Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i brutto kontantstraumar frå operasjonelle-, investerings- og finansieringsaktivitetar. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som løpande renter knytt til utlåns- og innskotsverksemd mot kundar, samt utbetalingar generert frå kostnader knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigedommar. Kontantstraumar frå utlåns- og innskotsverksemda, opptak og nedbetaling av ansvarlege lån, obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank.

## OVERGANG TIL IFRS 9 FRÅ 01.01.2018

Frå 01.01.2018 vert IFRS 9 implementert som erstatning for dagens IAS 39.

Rekneskapen for 2017 er avlagt iht. IAS 39 «Finansielle instrumenter – innregning og måling». Frå 01.01.2018 blir denne standarden erstatta av IFRS 9 Finansielle instrumenter. IFRS 9 introduserer ein ny modell for klassifisering og måling av finansielle eignelutar, ny modell for nedskriving av finansielle eignelutar og nye reglar for sikringsbokføring.

## Implementering av prosjektet

Eika-Gruppen starta opp ei tverrfagleg prosjektgruppe i 2016 som har førebudd implementeringa av IFRS 9.

Prosjektgruppa har bestått av representantar frå fagområda kreditt, datavarehus og rekneskap/rapportering, samt prosjektleiar. Prosjektet har vore ansvarlege for å implementere Eika sine PD- og LGD-modellar i den nedskrivingsmodellen som vert nytta (utvikla av SDC, Eika-bankane sin leverandør av banksystem). Prosjektet har også inkludert områda under IFRS 9 for klassifisering og måling og rapportering. Eika-bankar har vore representert som deltakarar og i ei referansegruppe. Banken har sjølv delteke i brukarfora og gjennomført implementeringa i eigen bank basert på leveransen frå Eika og SDC.

## Overgangsreglar

IFRS 9 skal nyttast retrospektivt, med unntak for sikringsbokføring. Retrospektiv bruk innebær at Vekselbanken skal lage opningsbalansen 01.01.2018 etter prinsippa i IFRS 9. Det er mogleg å la vera å utarbeide samanlikningstal for historiske periodar, og banken har vald å ikkje utarbeide samanlikningstal. Det er også høve til å utsette implementeringa av reglane for sikringsbokføring etter IFRS 9. Banken nyttar ikkje reglane for sikringsbokføring etter ISA39.

Effektane av nye prinsipp i opningsbalansen for 2018 vert ført mot eigenkapitalen.

## Klassifisering og måling under IFRS 9

### Finansielle eignelutar

IFRS9 vil innføre nye prinsipp for klassifisering og måling. Målekategoriane for finansielle eignelutar i IAS 39 (verkeleg verdi over resultat, tilgjengeleg for sal, halde til forfall og utlån og fordringar til amortisert kost) har blitt erstatta av følgjande tre målekategoriar etter IFRS 9:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat (FVOCI)
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultat (FVTPL)

Målekategori vert bestemt ved rekneskapsføring av eigenluten fyrste gong.

Definisjonen av eit finansielt instrument vert regulert i IAS 32 og er ikkje endra som fylgje av IFRS 9. Ved fastsetjing av målekategori skil IFRS 9 mellom ordinære renteinstrument og eigenkapitalinstrument, herunder derivat. Med ordinære renteinstrument vert det meint renteinstrument der avkastning utgjer kompensasjon for tidsverdi av pengar, kredittrisiko og andre relevante risiki som fylgje av ordinære renteinstrument.

Eigenkapitalinstrument fell i målekategorien verkeleg verdi over resultat. For eigenkapitalinstrument som ikkje er derivat og ikkje vert helde for handelsføremål, er det høve til å velje å føre desse til verkeleg verdi over utvida resultat. For ordinære renteinstrument vert målekategorien bestemt etter føremålet med investeringa.

Renteinstrument som inngår i ei portefølje med føremål å motta kontraktmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, skal målast til amortisert kost. Renteinstrument som inngår i ei portefølje med føremål om å både motta kontantstraumar og å foreta sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat, med renteinntekt, valutaomreknings-effektar og nedskrivingar presentert over ordinært resultat.

Renteinstrument i øvrige forretningsmodellar skal målast til verkeleg verdi over resultat. Verdiendringar på ordinære renteinstrument ført over utvida resultat, skal reklassifiserast til



resultatet ved sal eller annan avhending av eignelutane. Øvrige gjeldsinstrument skal målast til verkeleg verdi med verdiending over resultat.

#### Finansielle forplikingar

For finansielle forplikingar er reglane i hovudsak dei same som i dagens IAS 39. Ei endring frå IAS 39 er at for finansielle forplikingar som er bestemt rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet skal endringar i verdien som skuldast selskapet sin eigen kredittrisiko innreknast i utvida resultat.

### IMPLEMENTERING AV NY MODELL FOR KLASSIFISERING OG MÅLING

Banken har klassifisert sine finansielle eignelutar i følgjande kategoriar etter spesifikasjon i IFRS 9:

Finansielle eignelutar	31.12.2017		01.01.2018	
	Etter IAS 39		Etter IFRS 9	
Kontantar og innskot i Noregs Bank	Amortisert kost	74.052	Amortisert kost	74.052
Innskot i og fordringar på kredittinstitusjonar	Amortisert kost	14.625	Amortisert kost	14.625
Utlån til kundar	Amortisert kost	4.178.429	Amortisert kost	1.183.136
	Verkeleg verdi over resultatet	-	Verkeleg verdi over resultatet	-
	Verkeleg verdi over utvida resultat	-	Verkeleg verdi over utvida resultat	3.009.651
Verdipapir – rentepapir	Verkeleg verdi over resultatet		Verkeleg verdi over resultatet	
	Tilgjengeleg for salg	198.685	Verkeleg verdi over utvida resultat	198.685
Verdipapir – eigenkapitalinstrument	Verkeleg verdi over resultatet	13.310	Verkeleg verdi over resultatet	13.310
	Tilgjengeleg for sal	44.063	Verkeleg verdi over utvida resultat	44.063
<b>Totalt</b>		<b>4.523.164</b>		<b>4.537.522</b>

Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Utlån med fast rente der banken har som føremål å motta kontraktmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, er ikkje sikra med derivat og er dermed klassifisert til amortisert kost.

Banken sin likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat, som er i tråd med banken sin forretningsmodell om å halde investeringane for å motta kontraktmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, samt å selje.

Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller helde for handelsføremål.

Under IFRS 9 vil utlån som banken kan overføre til Eika Boligkreditt bli klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat, sidan forretningsmodellen tilseier at banken har til hensikt å inndrive kontraktfesta kontantstraumar men også kan overføre utlåna til Eika Boligkreditt. Endring i klassifisering frå IAS 39 til IFRS 9 gjev ingen vesentleg påverknad på eigenkapitalen ifm. prinsippendinga.

### NY MODELL FOR NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGNELUTAR

Etter IAS 39 skal nedskrivningar for tap berre finne stad når det er objektive bevis for at ei tapshending har inntruffe etter fyrste gongs innrekning. Under IFRS 9 skal tapsavsetjingane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eignelutar omfattar finansielle eignelutar som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendingar over utvida resultat. I tillegg er også lånetilsagn, finansielle garantikontraktar som ikkje vert målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved fyrste gongs balanseføring skal det avsetjast for tap tilsvarande 12-månader forventa tap. 12-månader forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knyttast til omstende som inntreff dei fyrste 12 månadane. Dersom kredittrisikoen for ein eigenlut eller gruppe av eigenlutar er vurdert å ha auka vesentleg sidan fyrste gongs innrekning skal det gjerast ei tapsavsetjing tilsvarande heile den forventa levetida til eigneluten. Dersom det oppstår eit kredittap skal renteinntekter innreknast basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetjing. For ytterlegare detaljar syner banken til IFRS 9.

#### Nedskrivingsmodell i Eika

Eika har utvikla egne modellar for berekning av sannsyn for misleghald (PD) og tap gjeve misleghald (LGD). SDC har vidare utvikla løysing for eksponering ved misleghald (EAD), berekning av tap og modell for vurdering om eit engasjement har hatt vesentleg auke sidan fyrste gongs innrekning, som banken har vald å nytta. Forventa kredittap (ECL) vert berekna som  $EAD \times PD \times LGD$ , neddiskontert med opphavleg effektiv rente.

#### Skildring av PD-modellen

PD-modellen i Eika estimerer sannsyn for misleghald ved å estimere statistiske sammenhengar mellom misleghald og kunden si finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtfærd. Misleghald er definert som overtrekk på minimum 1.000 kroner i 90 dagar samanhengande, i tillegg til andre kvalitative indikatorar som tilseier at engasjementet er misleghelde, jf. kapitalkravsforskrifta § 10-1.

Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler misleghaldssannsynet for dei neste 12 månader (PD). Personkundemodellen skil vidare på kundar med og utan bustadlån. Bedriftskundemodellen skil mellom eigedomsselskap, avgrensa personleg ansvar og ubegrensa personleg ansvar.

Betalingsåtfærd krev 6 månader med historikk før den får påverknad i modellen. Det betyr at nye kundar vil ha 6 månader med berre ekstern modell før intern modell blir nytta.

Modellane vert årleg validert og rekalkulert ved behov. Ved forringing av modellane sin kvalitet blir det utvikla nye modellar.

Ved berekning av misleghaldssannsynet over forventa levetid på engasjementet (PD-liv) vert det nytta ei migrasjonsbasert framskrivning for å estimere forventa misleghald fram i tid, basert på utvikling i PD siste 12 månader (Markovkjede). Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Berekninga vert gjort på gruppenivå og ikkje på kundenivå
- Berekninga vert gjort med utgangspunkt i misleghald i kvar risikoklasse og migrasjon mellom risikoklassar

#### Vesentleg auke i kredittrisiko

Vesentleg auke i kredittrisiko vert målt basert på utvikling i PD. Eika har definert vesentleg auke i kredittrisiko som ein auke i opphavleg PD ved fyrste gongs innrekning (PD-ini) for ulike nivå for at modellen skal fange opp relativ utvikling i kredittrisiko. For engasjement som hadde opphavleg PD mindre enn 1% er vesentleg auke definert som:

$$PD > PD \text{ ini} + 0,5\% \text{ og } PD \text{ liv} > PD \text{ liv ini} * 2$$

For engasjement som hadde opphavleg PD over eller lik 1% er vesentleg auke definert som:

$$PD > PD \text{ ini} + 2\% \text{ eller } PD \text{ liv} > PD \text{ liv ini} * 2$$

## Bereking av LGD

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar frå august 2014 til 2017 for intervall av sikkerheitsdekning. Eika-Gruppen vil kontinuerlig jobbe med utvikling av LGD modellane etter kvart som datagrunnlaget aukar med tapshistorikk for nye periodar.

Modellane skil mellom person- og bedriftskundar:

Personkundar

- Kundar utan registrert sikkerheit
- Kundar med sikkerheit i bustad
- Kundar med sikkerheit i anna enn bustad

Bedriftsmarknad

- Kundar utan registrert sikkerheit
- Kundar med registrert sikkerheit

Verdien av sikkerheit er basert på estimert realisasjonsverdi.

Ansvarleg lån og obligasjonsgjeld	- 2 798	- 2 403	395
Finansielle derivat	2 505	4 061	1 556
Sum skatteaukande skilnader	8 155	13 123	4 968
Utsett skatt, 25%	2 039	3 281	- 1 241
<b>Skilnader som ikkje kan utliknast</b>			
Pensjonsyttingar	1 962	- 1 040	- 3 002
	1 962	- 1 040	- 3 002
Utsett skattefordel, 25%	- 491	- 260	- 231
<b>Netto utsett skatt</b>	<b>1 548</b>	<b>3 021</b>	<b>- 1 472</b>
<b>Total endring utsett skatteplikt</b>			<b>1 473</b>
Direkte balanseført			54
Total endring utsett skatteplikt som er resultatført			<b>1 527</b>

## Note 20 Kategoriar av finansielle instrument

	Finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet					Totalt
	Trading	Bestemt rekne-skapsført til verkeleg verdi	Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	Finansielle investeringar som skal haldast til forfall	Finansielle eignelutar og gjeld vurdert til amortisert kost *	
<b>Eignelutar</b>						
Kontantar og fordringar på sentralbankar	0	0	0	0	74 052	74 052
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	0	0	0	0	14 625	14 625
Utlån til og fordringar på kundar	0	0	0	0	4 178 429	4 178 429
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	0	0	198 685	0	0	198 685
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	13 310	0	44 063	0	0	57 373
Utsett skattefordel	0	0	0	0	0	0
Finansielle derivat / immaterielle eignelutar	0	2 505	0	0	0	2 505
Varige driftsmidar	0	0	0	0	29 687	29 687
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og ikkje mottekne inntekter	0	0	0	0	6 672	6 672
Opptente ikkje mottekne inntekter	0	0	0	0	2 370	2 370
<b>Sum eignelutar</b>	<b>13 310</b>	<b>2 505</b>	<b>242 748</b>	<b>0</b>	<b>4 305 835</b>	<b>4 564 398</b>
<b>Gjeld og egenkapital</b>						
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	0	0	0	0	2 928 099	2 928 099
Gjeld ved utskrivning av verdipapir	0	0	0	0	1 124 438	1 124 438
Finansielle derivat	0	0	0	0	0	0
Anna gjeld	0	0	0	0	25 521	25 521
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	0	0	0	0	6 347	6 347
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	0	0	0	0	3 510	3 510
Ansvarleg lånekapital	0	37 799	0	0	40 000	77 799
<b>Sum gjeld</b>	<b>0</b>	<b>37 799</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4 127 915</b>	<b>4 165 714</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>398 684</b>	<b>398 684</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>0</b>	<b>37 799</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4 526 599</b>	<b>4 564 398</b>

	Finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet					Totalt
	Trading	Bestemt rekne-skapsført til verkeleg verdi	Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	Finansielle investeringar som skal haldast til forfall	Finansielle eignelutar og gjeld vurdert til amortisert kost *	
<b>Eignelutar</b>						
Kontantar og fordringar på sentralbankar	0	0	0	0	77 117	77 117
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	0	0	0	0	147 842	147 842
Utlån til og fordringar på kundar	0	0	0	0	3 687 052	3 687 052
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	0	0	246 372	0	0	246 372
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	12 664	0	44 766	0	0	57 430
Utsett skattefordel	0	0	0	0	0	0
Finansielle derivat / immaterielle eignelutar	0	4 061	0	0	3 999	8 060
Varige driftsmidar	0	0	0	0	31 332	31 332
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og ikkje mottekne inntekter	0	0	0	0	5 238	5 238
Opptente ikkje mottekne inntekter	0	0	0	0	3 874	3 874
<b>Sum eignelutar</b>	<b>12 664</b>	<b>4 061</b>	<b>291 138</b>	<b>0</b>	<b>3 956 454</b>	<b>4 264 317</b>
<b>Gjeld og egenkapital</b>						
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	0	0	0	0	3 000 196	3 000 196
Gjeld ved utskrivning av verdipapir	0	0	0	0	774 634	774 634
Finansielle derivat	0	0	0	0	0	0
Anna gjeld	0	0	0	0	19 158	19 158
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	0	0	0	0	8 134	8 134
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	0	0	0	0	4 061	4 061
Ansvarleg lånekapital	0	37 403	0	0	40 000	77 403
<b>Sum gjeld</b>	<b>0</b>	<b>37 403</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 846 183</b>	<b>3 883 586</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>380 731</b>	<b>380 731</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>0</b>	<b>37 403</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4 226 914</b>	<b>4 264 317</b>

\* Inkluderer sikra gjeld

## Note 21 Verkeleg verdi finansielle instrument

Verkeleg verdi og bokført verdi av finansielle eignelutar og skyldnader

	31.12.17		31.12.16	
	Bokført verdi	Verkeleg verdi	Bokført verdi	Verkeleg verdi
<b>Eignelutar bokført til verkeleg verdi</b>				
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal				
aksjar	44 062	44 062	44 766	44 766
sertifikat og obligasjonar	198 685	198 685	246 372	246 372
Finansielle eignelutar som er øyremarka til verkeleg verdi over resultat				
utlån til verkeleg verdi	0	0	0	0
aksjar	0	0	0	0
sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Finansielle eignelutar haldne for omsetning				
derivat	0	0	0	0
aksjar	13 310	13 310	12 664	12 664
sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Rentebytteavtalar som vert brukt som sikring	2 505	2 505	3 375	3 375
Valutaterminkontraktar som vert brukt som sikring	0	0	0	0
<b>Eignelutar bokført til amortisert kost</b>				
Kontantar og kontantekvivalentar	74 052	74 052	77 117	77 117
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	14 625	14 625	147 842	147 842
Utlån og fordringar	4 178 430	4 178 430	3 687 052	3 687 052
Forskotsbetalte og opptente inntekter og andre eignelutar	9 042	9 042	9 112	9 112
<b>Skyldnader bokført til verkeleg verdi</b>				
Rentebytteavtalar som vert brukt som sikring	0	0	0	0
Valutaterminkontraktar som vert brukt som sikring	0	0	0	0
Obligasjonsgjeld som er øyremarka til verkeleg verdi over resultatet	37 799	37 799	37 406	37 403
Gjeld, halden for omsetning	0	0	0	0
<b>Skyldnader bokført til amortisert kost</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	0
Innskot	2 928 099	2 928 099	3 000 196	3 000 196
Verdipapirgjeld	1 124 438	1 124 438	774 634	774 634
Ansvarleg lånekapital	40 000	40 000	40 000	40 000

Tabellen nedanfor viser ein analyse av finansielle instrument bokført til verkeleg verdi etter verdsettingsmetode.

Dei ulike nivåa er definert som fylgjer:

- Nivå 1: Verkeleg verdi vert målt ved bruk av kvoterte prisar frå aktive marknader for identiske finansielle eignelutar.
- Nivå 2: Verkeleg verdi vert målt ved bruk av anna observerbar informasjon enn den som er nytta på nivå 1.
- Nivå 3: Verkeleg verdi vert målt ved bruk av informasjon som ikkje baserer seg på observerbare marknadsdata.

### 31.12.17

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal				
aksjar	0	0	44 062	44 062
sertifikat og obligasjonar	0	198 685	0	198 685
Finansielle eignelutar som er øyremerka til verkeleg verdi over resultat				
utlån til verkeleg verdi	0	0	0	0
aksjar	0	0	0	0
sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Finansielle eignelutar haldne for omsetning				
derivat	0	0	0	0
aksjar	13 310	0	0	13 310
sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Derivative finansielle eignelutar	0	2 505	0	2 505
Finansielle skyldnadar som er øyremerka til verkeleg verdi over resultat	0	37 799	0	37 799

### 31.12.16

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal				
aksjar	0	0	44 766	44 766
sertifikat og obligasjonar	0	246 372	0	246 372
Finansielle eignelutar som er øyremerka til verkeleg verdi over resultat				
utlån til verkeleg verdi	0	0	0	0
aksjar	0	0	0	0
sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Finansielle eignelutar haldne for omsetning				
derivat	0	0	0	0
aksjar	12 664	0	0	12 664
sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Derivative finansielle eignelutar	0	3 375	0	3 375
Finansielle skyldnadar som er øyremerka til verkeleg verdi over resultat	0	37 403	0	37 403

Nedanfor forklarar vi prinsippa som ligg til grunn for å fastsetja verkeleg verdi for finansielle instrument i nivå 2 og 3, dvs. der observerbare marknadsprisar ikkje er nytta.

#### Finansielle instrument klassifisert i nivå 2 og 3

##### Sertifikat og obligasjonar

Sertifikat og obligasjonar er verdsett til marknadsverdi basert på innhenta informasjon frå meklarar av obligasjonar i marknaden. Verdsetting av obligasjonar og sertifikat blir rekna basert på meklaren sitt beste skjønn med omsyn til omsetningskurs på balansedagen.

##### Aksjar og aksjefond

Verkeleg verdi på investeringar i aksjar og verdipapirfond er basert på observerbare verdier på dei underligjande plasseringane.

##### Finansielle derivat

Finansielle derivat er verdsett til marknadsverdi basert på innhenta informasjon frå seljar av det finansielle derivatet. Marknadsverdien blir rekna med grunnlag i den midtpris det einskilde meklarforetak fastset basert på aktuelle kursar i marknaden på rapporteringstidspunktet.

## Note 22 Sertifikat og obligasjonar

2017	Kostpris	Verkeleg verdi	Bokført verdi	Gj.snitt eff. rente
<b>Obligasjonsportefølje</b>				
Stat / statsgaranterte				
Kommune / fylke	65 987	66 089	66 089	1,16 %
Bank og finans	40 014	40 134	40 134	1,49 %
Obligasjonar med fortrinsrett	67 057	67 441	67 441	1,28 %
Multilaterale utviklingsbanker	25 108	25 021	25 021	1,00 %
<b>Sum obligasjonsportefølje</b>	<b>198 166</b>	<b>198 685</b>	<b>198 685</b>	<b>1,24 %</b>
Herav børnoterte verdipapir	198 166	198 685	198 685	1,24 %

### 2016

#### Obligasjonsportefølje

Stat / statsgaranterte	25 107	25 080	25 080	1,15 %
Kommune / fylke	92 685	92 934	92 934	1,60 %
Bank og finans	31 986	32 044	32 044	1,90 %
Obligasjonar med fortrinsrett	88 074	88 272	88 272	1,48 %
Utstedt av andre	8 215	8 042	8 042	1,95 %
<b>Sum obligasjonsportefølje</b>	<b>246 067</b>	<b>246 372</b>	<b>246 372</b>	<b>1,29 %</b>
Herav børnoterte verdipapir	246 067	246 372	246 372	1,29 %

Banken sine obligasjonar er klassifisert som "tilgjengeleg for sal, med verdiendring over eigenkapitalen".

Obligasjonsporteføljen er verdsett til verkeleg verdi og løpande endring i verdiane vert bokført over eigenkapitalen og vist i "totalresultatet" som "endring på finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal". Realisert vinst/tap ved sal av obligasjonar vert resultatført.

Gjennomsnittleg effektiv rente er rekna ut frå innbetalte renter i løpet av året sett i høve til gjennomsnittleg bokført verdi av porteføljen.

## Note 23 Aksjar, eigenkapitalbevis og fond

	<b>2017</b>
Aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar som inngår i handelsporteføljen	13 310
Aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar som er anleggsmidlar	44 062
<b>Sum aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar</b>	<b>57 372</b>

### Aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar

	Tal andelar	Eigarandel i prosent	Kost-pris	Verkeleg verdi	Bokført verdi
<b>Aksjefond - handelsportefølje</b>					
Skagen Vekst	701	-	1 300	1 731	1 731
Skagen Global	1 017	-	1 300	1 730	1 730
Skagen KonTiki	1 899	-	1 300	1 753	1 753
Eika Spar	633	-	3 150	4 031	4 031
Eika Global	2 306	-	3 150	4 065	4 065
<b>Sum aksjefond</b>			<b>10 200</b>	<b>13 310</b>	<b>13 310</b>
<b>Sum handelsportefølje aksjar og fond</b>			<b>10 200</b>	<b>13 310</b>	<b>13 310</b>
<b>Aksjar som er anleggsmidlar</b>					
Diverse aksjar			35 091	44 146	44 062
<b>Sum aksjar som er anleggsmidlar</b>			<b>35 091</b>	<b>44 146</b>	<b>44 062</b>
<b>Sum aksjar, andelar og eigenkapitalbevis</b>			<b>45 291</b>	<b>57 456</b>	<b>57 372</b>

### Behaldningsendringar aksjar og andelar som er anleggsmidlar

Inngåande balanse pr. 01.01	44 766
Tilgang	2 085
Avgang	- 10 129
Reklassifisering	0
Verdiendring i år	7 340
<b>Utgåande balanse pr. 31.12</b>	<b>44 062</b>

Handelsportefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og aksjefond er klassifisert som "tradingportefølje" og bokført til verkeleg verdi. Verdiendringar vert resultatført.

Anleggsaksjar er klassifisert som "tilgjengeleg for sal, med verdiendring over eigenkapitalen".

Anleggsaksjane er verdsett til verkeleg verdi og løpande endring i verdiane vert bokført over eigenkapitalen og vist i "totalresultatet" som "endring på finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal".

Realisert vinst/tap ved sal av anleggsaksjar vert resultatført.

## Note 24 Finansielle derivat

Banken har i kraft av sin eigarposisjon på 0,40% i Eksportfinans ASA vore med saman med alle dei andre eigarane om å garantera for Eksportfinans ASA sitt underskot på inntil 5 mrd. kr i deira likviditetsportefølje. Banken sin totale garanti overfor Eksportfinans ASA i denne samanheng er 2,2 mill. kr eller 0,045% av det totale garantikonsortiet.

Ved utgangen av 2017 vart det inngått avtale mellom Eksportfinans og dei leiande eigarane om at Eksportfinans innløysar sitt garantiansvar, og at avtalen dermed vert avslutta. Vår andel av sluttgebyret på ca. kr 60.000 vert utbetalt i 2018.

Ved opptak av evigvarande ansvarleg lånekapital i 2010 på 35 mill. kr til fast rente på 8,15% i 10 år, inngjekk banken ein renteswap avtale på 3 mnd NIBOR + 3,90% som rentesikring. Verdiendringa i 2017 på 0,9 mill. kr er kostnadsført og er i balansen ført som finansielt derivat, sjå note 29.

## Note 25 Varige driftsmidlar

	Utstyr og transport midler	Fast eigedom	Imaterielle eignelutar	Sum
Kostpris pr. 01.01.16	6 885	46 042	23 716	76 643
Tilgang	481	289	0	770
Avgang til kostpris	0	0	0	0
Utrangeret til kostpris	0	0	0	0
Kostpris pr. 31.12.16	7 366	46 331	23 716	77 413
Akkumulerte av- og nedskivingar pr. 31.12.16	5 099	17 266	19 717	42 082
<b>Bokført verdi pr. 31.12.16</b>	<b>2 267</b>	<b>29 065</b>	<b>3 999</b>	<b>35 331</b>
Kostpris pr. 01.01.17	7 366	46 331	23 716	77 413
Tilgang	1 595		0	1 595
Avgang til kostpris	- 642	0	0	- 642
Utrangert til kostpris	0	0	0	0
Kostpris pr. 31.12.17	8 319	46 331	23 716	78 366
Akkumulerte av- og nedskivingar pr. 31.12.17	5 268	19 695	23 716	48 679
<b>Bokført verdi pr. 31.12.17</b>	<b>3 051</b>	<b>26 636</b>	<b>0</b>	<b>29 687</b>
Avskivingar 2016	565	2 423	3 999	6 987
Avskivingar 2017	619	2 429	3 999	7 047
Avskivingsprosent	10% - 33%	5% - 10%	20%	

I samband med overgang til IFRS er overgangsregel om bruk av marknadsverdi som ny kostpris på implementeringstidspunktet brukt for bygningen. Bygningen er verdsett til verkelig verdi i samband med eksternt takst pr. 01.01.10. Dette medførte ein auke på 19,8 mill. kr av balanseført verdi på bygningen. Nedskreven verdi pr. 31.12.2017 er 14,8 mill. kr.

## Note 26 Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter

	2017	2016
Opptente, ikkje mottekne inntekter	6 672	5 238
Andre forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader	2 370	3 874
<b>Sum forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter</b>	<b>9 042</b>	<b>9 112</b>

## Note 27 Innskot og gjeld til kundar og kredittinstitusjonar

	2017	2016
Gjeld til kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid	1 733 236	1 767 804
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid	1 194 863	1 232 392
Sertifikatgjeld	50 000	0
Obligasjonsgjeld	1 074 438	774 634

### Forfall på sertifikat og obligasjonsgjeld

Type	Beløp	Forfall
Sertifikat	50 000	05.03.2018
Obligasjon	50 000	06.03.2018
Obligasjon	100 000	06.09.2018
Obligasjon	100 000	15.03.2019
Obligasjon	100 000	28.08.2019
Obligasjon	100 000	16.03.2020
Obligasjon	100 000	14.09.2020
Obligasjon	100 000	31.03.2021
Obligasjon	100 000	10.09.2021
Obligasjon	100 000	31.03.2022
Obligasjon	125 000	09.09.2022
Obligasjon	100 000	10.03.2023

Banken har ikkje innskot og gjeld til kundar i utanlandsk valuta.

## Note 28 Påløpne kostnader og forpliktingar

	2017	2016
Pensjonsforplikting	1 962	1 040
Utsett skatt	1 548	3 021
<b>Sum avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar</b>	<b>3 510</b>	<b>4 061</b>

Styret i banken vedtok hausten 2008 at alle tilsette i banken som pr. 01.01.09 var under 60 år skulle gå over frå ytingsbasert til innskotsbasert pensjon.

Alle tilsette i banken har ei innskotsbasert pensjonsordning med maksimale satsar.

Banken si pensjonsordning vert handsama i samsvar med "Norsk Regnkapsstandard for Pensjonskostnader", og løpande premie vert kostnadsført.

Dei tilsette er med i "Fellesordningen for Avtalefestet Pensjon". Rekneskapsmessig vert denne AFP-ordninga handsama som ei innskotsbasert ordning, med løpande kostnadsføring av betalt premie.

Pensjonsordninga i banken stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Avsetjing til usikra pensjonsforplikting gjeld pensjonsforplikting til tidlegare banksjefar.

### Pensjonskostnader i året

	2017	2016
Noverdi av pensjonar opptent i perioden	0	0
Rentekostnader av påløpne forpliktingar	0	0
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	0	0
<b>Netto pensjonskostnader i året</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Løpande kostnader ny AFP	217	207
Avsett restkostnad gamal AFP-ordning	0	0
Premiebetaling ny innskotsordning	1 339	1 331
Avsett usikra pensjonsforplikting	1 871	0
<b>Netto pensjonskostnader</b>	<b>3 427</b>	<b>1 538</b>

### Sikra og usikra pensjonsforplikting

	Sikra	Usikra
Avsett framtidige pensjonytingar	0	- 1 684
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	0	0
<b>Netto pensjonsmidlar</b>	<b>0</b>	<b>- 1 684</b>
Ikkje resultatførte estimatavvik	0	0
Arbeidsgjevaravgift	0	- 278
<b>Balanseført pensjonsforplikting</b>	<b>0</b>	<b>- 1 962</b>



## Note 29 Ansvarleg lånekapital

Forfall 24.02.25, NOK NIBOR + 2,05% justering kvartalsvis, Call 24.02.20	2017	2016
	40 000	40 000
Evigvarande, NOK 8,15% fram til Call 12.05.20	37 799	37 403
Fastrenta på den evigvarande fondsobligasjonen er sikra med ein renteswap på 3 mnd NIBOR + 3,9%. Sjå note 24.		
Fondsobligasjonen er bokført til sist kjende omsette børskurs på kr 107,99 ved årsskiftet.		

## Note 30 Eigenkapital

Banken sin aksjekapital på 9 500 000 kr består av 1 900 000 aksjar à 5 kr pr. aksje.  
Banken sine vedtekter § 2-2, 3. ledd har fylgjande reglar om maksimum eigarandel:

"Ingen kan eiga meir enn 10% av aksjekapitalen i banken".

I tillegg har banken sine vedtekter §3-6 fylgjande reglar om røysterett:

"På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine egne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansføretakslova § 6-5.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 200 aksjar gjev ei røyst
- 201 - 400 aksjar gjev to røyster
- 401 - 800 aksjar gjev tre røyster
- 801 - 2 000 aksjar gjev fire røyster

Fleire enn 2 000 aksjar gjev fem røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha".

### Aksjonærar som eig meir enn 1% av aksjane i banken

	Antal aksjar	Eigarandel
Voss Sparebank	189 980	10,00 %
MP Pensjon	90 526	4,76 %
AS Flu	90 000	4,74 %
Bergen Kommunale Pensjonskasse	50 000	2,63 %
August Ringvold Agenturer	46 771	2,46 %
Bjørkehagen AS	35 990	1,89 %
Haugaland Kraft pensj.	34 000	1,79 %
Sparebank 1 SR-Bank	31 000	1,63 %
Wergeland Holding AS	24 500	1,29 %
Fana Sparebank	23 000	1,21 %
Skogsborg AS	20 440	1,08 %
Joh. Rasmussen & Racine AS	20 000	1,05 %

### Aksjar eigd av tillitsvalde og personleg nærstående av desse

#### Styremedlemer

Kløve-Graue, Ingrid	1 000
Kvarekvål, Stein	100
Reime, Hildegunn	220
Seim, Olav	1 440
Sølvberg, Johanna R.	100

## Note 31 Garantiar

	2017	2016
Betalingsgarantiar	17 238	16 185
Kontraktsgarantiar	59 602	75 797
Andre garantiar	7 224	5 871
<b>Sum garantiar overfor kundar</b>	<b>84 064</b>	97 853
Garantiar Eika Boligkreditt	12 464	9 350
<b>Sum garantiar</b>	<b>96 528</b>	107 203

### Rammeavtale med Eika Boligkreditt AS

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har ei plikt til å kjøpe obligasjonar tilsvarande sin relative bruk dersom Eika Boligkreditt AS ut frå likviditetssituasjonen sin har behov for dette. Pr. 31.12.2017 utgjer denne forpliktinga 0 kr.

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har garantiar overfor Eika Boligkreditt på i alt 12,5 mill. kr pr. 31.12.2017. Desse garantiane består av to typar:

- **Saksgaranti:** Her vert det garantert for utbetalt lånebeløp i perioden frå førespurnad om utbetaling er gjeve, til all dokumentasjon rundt pantetrygd m.m. er kontrollert og stadfesta av depot.
- **Tapsgaranti:** Her vert det garantert for andel av låna som overstig 50 % belåningsgrad, i tillegg til eit minimumsbeløp på kr 25 000,- pr. lån.

For desse 2 garantiane mottek banken ein årleg provisjon. Garantiavtalane er standardavtalar for alle eigarbankane i EBK.

## Note 32 Resultat og utbytte pr. aksje

Aksjeeigarane sin andel av resultatet er rekna som resultat etter skatt delt på gjennomsnittleg antall aksjar i rekneskapsåret. Det ligg ikkje føre opsjonsavtalar knytt til aksjane, slik at utvatna resultat er likt med resultat pr. aksje.

	2017	2016
Resultat pr. aksje.	10,70	15,07

Føreslått utbytte vert ikkje ført ut av banken sin eigenkapital før formelt vedtak er fatta i generalforsamlinga. Føreslått utbytte utgjer 3,50 kr pr. aksje.

	2017	2016
Føreslått utbytte	6 650	9 025

## Note 33 Hendingar etter balansedagen

Det er ikkje kome fram informasjon om vesentlege tilhøve som var inntreft eller førelåg allereie på balansedagen 31.12.2017, og fram til styret si endelege handsaming av rekneskapen 27.02.2018.

## Note 34 Transaksjonar med nærstående partar

Det føreligg ingen transaksjonar med nærstående partar som har hatt vesentleg innverknad på verksemda si stilling eller resultat i løpet av rekneskapsåret.

## Årsrekneskapen for perioden 01.01 – 31.12.2017 for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

### STADFESTING FRÅ STYRET OG BANKSJEF

Me stadfestar at banken sin årsrekneskap for 2017 etter vår beste meining er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar, og at opplysningane i rekneskapen gjev eit rettvise bilete av banken sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Styret si årsmelding gjev rettvise oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga til banken saman med ei utgreiing av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane banken står overfor.

Voss, 27. februar 2018


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Ingrid Kløve-Graue

  
Hildegunn Reime  
Nestleiar

  
Johanna R. Sølberg  
Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

## Retningslinjer for, og erklæring om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande tilsette

### Retningslinjer for godtgjering:

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har etablert egne retningslinjer for godtgjering i samsvar med Finansforetakslova, «Forskrift om godtgjørelsesordninger i finansinstitusjoner, verdipapirforetak og forvaltningsselskap for verdipapirfond» og rundskriv frå Finanstilsynet, som gjeld alle tilsette i banken. Hovudgodtgjeringa er fast løn. Verken leiarar eller andre tilsette i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har insentivløn. Det er laga egne retningslinjer for eventuell bonus, som skal vera eit likt kronebeløp for alle tilsette der storleiken er maksimert til 1,5 gonger månadsløn pr. år pr. tilsett, etter reglane i ovannemnde forskrift.

Banken skal ha ei godtgjeringsordning som

- bidreg til at banken kan få tak i og halda på den kompetansen banken treng for å nå sine overordna mål
- er i samsvar med banken sine langsiktige interesser
- bidreg til å fremja og gje insentiv til god styring og kontroll med banken sin risiko
- hindrar høgare risikotaking enn banken sin risikotoleranse definert i risikopolicy og andre styrande dokument
- ikkje inneheld aksjebaserte ytingar omtalt i allmennaksjelova §6-16a 1. ledd 3. punkt.

Godtgjeringsordninga skal fremja og gje insentiv til god styring og kontroll på kort og lang sikt, og skal bidra til å unngå interessekonflikt spesielt mellom risikotaking og kontroll.

### Erklæring:

Styret erklærer å ha nytta desse retningslinjene ved fastsetjing av løn og anna godtgjering for rekneskapsåret 2017.

### Godtgjering til leiande tilsette:

#### Vedtaksprosessen:

Styret har ein årleg gjennomgang med fastsetjing av godtgjering til adm. banksjef. Dette kjem i staden for eit eige godtgjeringsutval, som banken etter ovannemnde forskrift ikkje er pålagt å ha. Styret handsamar i tillegg eventuelle endringar i banken sine generelle tilleggsytingar som pensjons- og forsikringsordningar.

#### Godtgjering til adm. banksjef:

Adm. banksjef si løn og andre økonomiske ytingar vert fastsett årleg av styret. I vurderinga av ytingane tek ein med utgangspunkt i retningslinjene også vurdering av oppnådd resultat, individuelle prestasjonar saman med utvikling av lønnsnivå i samanliknbare stillingar.

Adm. banksjef sine ytingar består av:

- fast løn
- variabel godtgjering (bonus likt med resten av dei tilsette)
- pensjonsordning
- naturalytingar

Eventuell bonus er det styret som tildeler med likt beløp til alle tilsette i banken. Utgangspunktet er oppnådd resultat målt mot vedtekne retningslinjer.

Adm. banksjef er medlem av banken si innskotsbaserte pensjonsordning for løn inntil 12 G, fram til avgang. Pensjonsordninga i banken pr. 31.12.17 er ei innskotsbasert ordning med maksimale satsar.

Banken har ikkje teikna eigen pensjonsforsikring for å yta pensjon til adm. banksjef utover denne.


I samsvar med arbeidsavtale av 23.10.17 er aldersgrense for stillinga 65 år, med rett og plikt til å gå frå stillinga. Dersom adm. banksjef etter krav frå styret må fråtre stillinga si, har han rett til etterløn i 18 månader frå det tidpunktet han forlet stillinga.

## Retningslinjer for 2018:

Styret finn ikkje grunn til å endra retningslinjer for praktisering av leiarlønningar for 2018.

Voss, 27. februar 2018


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Ingrid Kløve-Graue

  
Hildegunn Reime  
Nestleiar

  
Johanna R. Sølberg  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe

Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

Til generalforsamlinga i VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA

**RSM Norge AS**  
Strandavegen 11, 5705 Voss  
Pb. 136, 5701 Voss  
Org.nr: 982 316 588 MVA  
T +47 56 52 04 00  
F +47 56 52 04 01  
www.rsmnorge.no

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Me har revidert VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA sitt årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2017, og resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret som er avslutta per denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagte årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017 og av resultatet og kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne dato i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsett av EU.

##### Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter i samsvar med desse standardane er skildra i Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Me er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre øvrige etiske forpliktingar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Sentrale tilhøve ved revisjonen

*Verdien av utlån til kundar, herunder noteinformasjon knytt til implementering av IFRS 9.*

Me har fokusert på verdien av utlån til kundar fordi leiinga i stor grad nyttar skjønn i vurderinga av trong for nedskrivning. I tillegg utgjer utlån ein vesentleg del av eignelutane i balansen.

Banken sine rutinar og system for oppfylgning av utlån og identifisering av utlån med nedskrivingsbehov samt vurderinga av desse utlåna er sentrale. Bruk av skjønn kan påverka det rekneskapsmessige resultat, og ha innverknad på å overhalda kapitaldekningsregelverket som fylgje av risikoklassifisering av utlån.

Etter rekneskapsreglane skal banken i slutten av kvar rapporteringsperiode vurdere om det finst objektive indikasjonar på at eit utlån har redusert verdi. Dersom det føreligg objektive indikasjonar på at eit tap ved verdinedgang på utlån har skjedd, skal nedskrivingsbeløpet utreknast som differansen mellom balanseført verdi av utlånet og noverdien av framtidige kontantstraumar. Begge vurderingane er basert på stor grad av skjønn.

Frå 1.1.18 skal banken implementere IFRS 9 som blant anna medfører ein ny tapsmodell for utlån. I den forbindelse må banken gje tilstrekkelige opplysningar i note ved overgang frå IAS 39 og til IFRS 9.

Me har i revisjonen særleg fokusert på:

- Dei føresetnadane leiinga legg til grunn ved utrekning av nedskrivingsbeløp for utlån som har objektive indikasjonar på verdifall.
- Leiinga si rutine for identifisering av utlån med objektive indikasjonar på verdifall
- Noteinformasjon knytt til implementering av IFRS 9 og nedskrivning på utlån

Sjå note 6,8 og 9 til rekneskapen som omtalar banken sin kredittrisiko og nedskrivning av utlån til kundar. Sjå note 2 og avsnitt som omtalar IFRS 9 Finansielle instrumenter

*Korleis me i vår revisjon har handtert verdien av utlån til kundar og noteinformasjon IFRS 9.*

Me har gjennomgått og testa kontrollar knyta til nedskrivninga av utlån til kundar. Dette var kontrollar som var retta mot identifisering av utlån til kundar som har objektive bevis på verdifall og kontrollar på korleis nedskrivingsbeløpet vert utrekna. Me konkluderte med at me kunne basera oss på desse kontrollane i vår revisjon.

Me har testa eit utval utlån til kundar som er rapportert på misleghaldslistene og som ikkje har objektive indikasjonar på verdifall. Me har ikkje funne ytterlegare objektive indikasjonar på vesentlege verdifall i desse listene.

For utlån der nedskrivingsbeløp var individuelt utrekna testa me eit utval ved å vurdere realisasjonsverdien som leiinga har lagt til grunn. Realisasjonsverdien vert utrekna ved nytting av eksterne takstar eller interne vurderingar. Me har snakka med leiinga og gjennom vår lokale kjennskap til kunden og bransjen vurdert banken si grunngeving av nedskrivingsbeløpet. Resultatet av denne testinga av individuelle nedskrivningar viste at leiinga har nytta rimelege føresetnader ved utrekning av nedskrivingsbeløpa.

Me har gjennomgått banken si utrekning av gruppevise nedskrivningar og vurdert banken sin modell og føresetnader i modellen. Me har samanlikna dei vesentlege føresetnadane i modellen mot vår erfaring om bransjepraksis. Resultatet av denne kontrollen syner at føresetnadane som er nytta ved utrekning av nedskrivingsbeløpa var rimelege.

Noteinformasjon knytt til implementering av IFRS 9 og nedskrivning på utlån er verifisert ved gjennomgang av ny modell, møter med leiinga og innhenting av uttale frå systemrevisor.

Resultatet av vår gjennomgang syner at informasjon gitt i note 2 samsvarar med ny tapsmodell og notekrav i henhold til IFRS.

#### Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, herunder utgreiing om føretaksstyring og samfunnsansvar, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og me attesterer ikkje anna informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap me har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er me pålagt å rapportera det. Me har ingenting å rapportera i denne samanheng.

#### **Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at den gjev eit rettvisebilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvika.

#### **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventast å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna ISA-ane, utøver me profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- skal me identifisera og vurdere risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtera slike risikoar, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som fylgje av misleg framferd ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- skal me opparbeida oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforma revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- skal me evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimat som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeidd av leiinga er rimelege.
- skal me konkludera på hensiktsmessigheita av leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidinga av rekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si evne til framleis drift. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det kravd at me i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Våre konklusjonar er basert på dei revisjonsbevis som er innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- skal me evaluera den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, medrekna tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisebilete.

Me har kontakt med styret mellom anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Me utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som me har avdekka under revisjonen, medrekna om eventuelle vesentlege svakheiter i den interne kontrollen.

#### **Uttale om andre lovmessige krav**


##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, samt utgreiing om føretaksstyring og samfunnsansvar, føresetnaden om framleis drift og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlinga me har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt si plikt til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 27.02.2018  
RSM Norge AS

  
Tom Henning Rønshaugen  
Statsautorisert revisor



Dette er Vekselbanken:

**VÅR VISJON:**

*– ein god medspelar –*

**VÅRE KJERNEVERDIAR:**

*Me er profesjonelle på ein aktiv,  
servicevenleg og tillitsfull måte*

**VÅR FORRETNINGSIDÉ:**

*Me skal levera konkurransedyktige finansielle  
tenester til kundar i vårt marknadsområde*

**VÅR STRATEGI:**

*Me er framtidsretta og offensiv,  
med sunn vekst forankra i sjølvstende*

 **Vekselbanken**  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Postboks 10, 5701 Voss

Telefon: 56 52 35 00 – Telefaks: 56 51 27 47

E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no) | [www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)